

LEIAR	
G. Akselberg: Norske doktorgradsarbeid i namnegransking	2
NORSK NAMNELAG	
A. Svanevik: Landsmøte i Norsk namnelag	3
Medredaktør Lars Vikør takkar for seg	6
KONFERANSAR OG MØTE	
O. Stemshaug: Den 9. nasjonale konferansen i namnegransking	6
G. Alhaug: Møte i Samarbeidsnemnda for namnegransking	7
B. Helleland: Seminar og bokpresentasjon om bynamn	8
NORNA-nytt	
G. Akselberg: NORNA-møte 29. mai 2000	9
S. Sigmundsson: NORNAs 28. symposium på Island	10
ICOS-nytt	
B. Helleland: Styremøte i Pisa 12.–14. april 2000	11
B. Helleland: Korleis verta medlem i ICOS?	11
M. Wahlberg: 21:a Internationella kongressen för namnforskning	12
UNGEGN-nytt	
H. Ringstam: Rapport från UNGEGNs 20:e session	14
ANNA MELDINGSSTOFF	
G. Harildstad: Grava til Oluf Rygh	17
NAMNEKONSULENTTENESTA	
T. Larsen: Samrådsmøte for namnekonsulentane 2000	17
NORMERING OG BRUK AV NAMN	
T. Larsen: Klagenemnda for stadnamnsaker	18
A. Rostvik: Striden um <i>Gävle</i>	23
ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN	
I. Utne: Mellom- og etternavn i andre land	24
M. Myhren: <i>Iungsdalen</i>	34
DOKTORDISPUTASAR	
B. Helleland: To doktoravhandlingar om namn i Stavanger	35
K. Bakken: To nye doktoravhandlingar om navn i Uppsala	38
NORNA-RAPPORTAR	
L. Vikør: Namnegranskinga i Norden	41
G. Harildstad: Utanlandske namn i Norden	42
B. Helleland: Oluf Rygh – artikkelsamling og rapport	43
BOKMELDINGAR	
G. Alhaug: Russisk avhandling om bøyning av norske eigennamn	45
M. Harsson: Bilete fortel om ord	47
V. Haslum: Stadnamn i Askvoll	48
B. Helleland: Hyllingskrift til Lena Peterson	49
B. Helleland: Skånes ortnamn A4	50
O. Veka: Slektsnamn i Danmark	51

LEIAR

NORSKE DOKTORGRADSARBEID I NAMNEGRANSKING

Etter den 9. nasjonale konferansen i namnegransking på Blindern 11. og 12. juni i år nemnde nestoren i nordisk namnegransking, Thorsten Andersson, for meg at det hadde vore svært interessant å ta del på ein konferanse ”som så tydelig demonstrerar det sterke intresset för namnforskning i Norge”. Slike observasjonar er vi mykje glade for, og det er særleg gledeleg at dei kjem frå sentrale namnegranskarar i grannelanda.

Interessa for namnegransking i Noreg er stor mellom lek og lærd, det er t.d. det høge medlemstalet i *Norsk namnelag* uttrykk for. Andre uttrykk for denne allmenne interessa er alt namnestoffet som opp gjennom åra har vorte samla inn av lekfolk rundt om på bygdene. Dessutan er svært mange opptekne av namnetolking og normering av namn, og utgreiing om ulike sider ved namn er viktige innslag i bygdebøker og annan lokal litteratur.

Ved universiteta har namnegransking vore undervisnings- og forskings- emne i mange år, og det er skrive bortimot 200 hovudoppgåver i emnet. Hovudfagsstudentar har granska stadnamntilfang frå mange norske bygder, og stadig fleire kjem til. På høgare nivå, særleg på doktorgradsnivå, er det derimot skrive heller få avhandlingar innom norsk namnegransking.

Den fyrste norske doktorgradsavhandlinga i namnegransking vart skriven av Gustav Indrebø, som i 1925 disputerte på arbeidet *Norske innsjønamn. I. Upplands fylke*. Den andre doktorgradsavhandlinga fekk vi sju år etter. I 1932 disputerte Mikjel Sørli på avhandlinga *Bergens bynamn*. Så skulle det gå heile 30 år før Per Hovda disputerte i 1962 på avhandlinga *Norske fiskeméd. Landsoversyn og to gamle médbøker*.

Før vi fekk nok ei doktorgradsavhandling, gjekk det endå lenger tid, heile 33 år. I 1995 disputerte Tuula Eskeland med avhandlinga *Fra Diggasborrå til Diggasbekken. Finske stedsnavn på de norske finnskogene*. Frå då av har det gått slag i slag. Året etter disputerte Kristin Bakken på avhandlinga *Leksikalisering av sammensetninger. En studie av leksikaliseringprosessen belyst ved et gammelnorsk diplommateriale fra 1300-tallet*, eit arbeid som rett nok femner vidare enn det reint onomastiske.

I januar 1999 disputerte Gudlaug Nedrelid på den til no einaste norske doktorgradsavhandlinga innom personnamngranskinga, ”*Ender og daa ein Aslaksen eller Bragestad*”. Knappt eit halvt seinare, i juni 1999, disputerte Eli Ellingsve på avhandlinga *Menneske og stedene. Sannsynliggjøring av relasjoner mellom overledd og underledd i sammensatte stedsnavn med personnavn i underledd*. Åse Kari Hansen disputerte i januar 2000 på avhandlinga *Språkkontakt i gammelt koloniområde. En studie av normanner-*

*bosetningens stedsnavn, med særlig vekt på navnegrupper -tuit. Og ikkje nok med det. Den 23. juni i år, på sjølvaste jonsokaftan, disputerte Inge Særheim på avhandlinga *Namn og gard. Studium av busetnadsnamn på -land.**

Fleire doktorgradsarbeid er dessutan i kjømda. Det er akkurat no ei avhandling i stadnamngransking til vurdering, og det er i dag fleire avhandlingar i namnegransking under arbeid.

Det er interessant å merka seg at av alle dei som har disputert innan utgangen av juni år 2000, er det berre tre som ikkje er frå Vestlandet, Ellingsve, Eskeland og Sørлие. Etter vendepunktet i 1994 er dessutan tre av fire disputasar haldne ved Universitetet i Bergen.

Det tok tid før det vart fart i det namnefaglege doktorgradsarbeidet i Noreg, noko som nok har mykje med kulturen i miljøet å gjera. Tidlegare var det uvanleg at nokon i det heile disputerte i humanistiske fag, medan det har vore heilt naturleg t.d. innom realfag og medisin.

Vi er svært glade for denne utviklinga og helsar alle komande doktorar i stadnamngransking, personnamngransking og andre namnefaglege emne velkomne. Det er viktig at det vert avlagt fleire doktorgrader i norsk namnegransking med omsyn til både den faglege utviklinga og til rekrutteringa.

Gunnstein Akselberg
Bergen

NORSK NAMNELAG

LANDSMØTE I NORSK NAMNELAG

Norsk namnelag hadde landsmøte på Universitetet i Oslo torsdag 11. mai kl. 17.45, etter første dag av Den 9. nasjonale konferansen i navnegransking. Innkalling var sendt gjennom forrige nummer (nr. 30) av Nytt om namn. 12 medlemmer var til stede på møtet.

Lagets leder, Gunnstein Akselberg, ønsket velkommen. Han gjorde oppmerksom på § 3 i Namnelagets lover, som sier at revidert regnskap, melding om virksomheten i laget og et kort oversyn over planene for den kommende arbeidsperioden skal legges fram sammen med innkallingen til landsmøtet. Han beklaget at dette ikke var gjort denne gangen, og bad om landsmøtets godkjenning for å gi denne informasjonen gjennom Nytt om

namn, bl.a. gjennom referater fra landsmøtet og styremøtene i Namnelaget. (Se punkt 2 og 6 i sakslista nedenfor.)

1. Valg av møteleder og sekretær

Inge Særheim ble valgt til møteleder, Anne Svanevik til sekretær.

2. Godkjenning av innkallingen og sakslista til landsmøtet

Innkallingen ble godkjent med de manglene som er nevnt ovenfor.

3. Virksomheten i Norsk namnelag 1996–1999

Forrige landsmøte ble holdt 22. november 1996. Etter lovene skulle neste landsmøte vært holdt tre år etter, høsten 1999. Lagsmedlemmene har godkjent en utsettelse av møtet til mai 2000 (forespørsel gjennom *Nytt om namn* nr. 28). Styret har hatt sju møter, ett på Stiklestad i forbindelse med NORNA-symposiet om Oluf Rygh (mai 1999), resten på Seksjon for navnegransking, Universitetet i Oslo. Av kostnadshensyn prøver styret i størst mulig grad å legge styremøtene sammen med andre møter.

Norsk namnelag har i dag 399 medlemmer, et høyt antall i nordisk sammenheng. Vervekampanje i 1999, med omtaler og annonser i lokalhistoriske tidsskrift o.l., gav mange nye medlemmer. Nettside planlegges.

Lagets viktigste oppgaver er å utgi tidsskriftet *Namn og Nemne* og meldingsbladet *Nytt om namn*, med stoff som passer både for allmennheten og for det vitenskapelige miljøet. Sammenslåing av de to organa har vært diskutert, men eksisterende styre har ikke ønsket det. De er for ulike og fyller hver sine behov.

Namnelaget har god økonomi, blant annet fordi Forskningsrådet hittil har gitt årlig trykkestøtte på ca. 40 000 kr. Laget er restriktivt i pengebruken og har som prinsipp alltid å ha økonomi til trykking av én utgave av *Namn og Nemne* uten tilskudd fra Forskningsrådet. Hovedadministrasjonen sitter ved Universitetet i Bergen, og har et godt samarbeid, både faglig, organisatorisk og økonomisk, med Seksjon for navnegransking, Universitetet i Oslo.

4. Tidsskriftet Namn og Nemne

Tidsskriftet kommer én gang i året, ”nesten” i rute (skal komme før nyttår, men kommer ofte i januar/februar.) For at tidsskriftet skal bli bedre kjent i utlandet, ble artikkelsammendrag på engelsk innført fra og med nr. 15 (1998). Den planlagte nettsida vil tjene samme formål. Redaktøren ønsker seg mer aktualitetsstoff og debattstoff. Hva gjelder innsendte bokmeldinger, er tendensen at de ofte er for lange. Det fører til at annet stoff, både artikler og bokmeldinger, har blitt liggende pga. plassmangel, med fare for at det mister sin aktualitet. Landsmøtet oppfordret til å ikke løse plass-

problemet ved å bruke for små skrifttyper i bokmeldingene, slik at de blir vanskelige å lese. Illustrasjoner er fint (men dyrt).

Fra midten av 1990-tallet har Gunnstein Akselberg i praksis fungert som forlegger i tillegg til redaktør. Dette er tungt og arbeidskrevende. Styret ble oppfordret til å legge forleggerarbeidet over til Jarle Halveg, som p.t. har regnskapsarbeidet.

5. Meldingsbladet *Nytt om namn*

Bladet kommer to ganger i året, alltid i rute! Siden siste landsmøte er det innført en praksis med at Namnelagets styrer skriver lederartikkel. Landsmøtet oppfordret til å fortsette med melding av nye hovedfagsoppgaver og til å etablere et samarbeid mellom Terje Larsens *Norsk stadnamnbibliografi* (foreløpig nettversjon på adressen <http://www.dokpro.uio.no/namn/bibliografi.html>) og navnebibliografien i *Nytt om namn*.

6. Regnskap

Regnskapet forelå ikke til konferansen, men blir framlagt i neste nummer av *Nytt om namn* (regnskap for 1997, 1998 og 1999 samt så langt i 2000). Akselberg orienterte om at lagets hovedutgifter er trykking og utsending av *Namn og Nemne* (ca. 70 000 kr), betaling for regnskapsarbeid (ca. 10 – 12 000 kr), betaling for korrekturlesing og tilskudd til utgivelse av *Nytt om namn*.

7. Valg

Følgende personer ble valgt, alle i samsvar med valgkomiteens (styrets) forslag:

Styret: Styrer Gunnstein Akselberg (gjenvalg), varastyrer Anne Svanevik (tidl. styremedlem), styremedlemmer Peter Hallaråker (gjenvalg), Gudlaug Nedrelid (ny) og Kaisa Rautio Helander (ny), med personlige varamedlemmer Terje Larsen (gjenvalg), Tor Erik Jenstad (ny) og Kristin Bakken (tidl. vara for Svanevik).

Redaksjon for *Namn og Nemne*: Gunnstein Akselberg (gjenvalg), Kristoffer Kruken (ny).

Redaksjon for *Nytt om namn*: Botolv Helleland, ansvarlig (gjenvalg), Gulbrand Alhaug (gjenvalg), Peter Hallaråker (gjenvalg), Gudmund Harildstad (ny).

Revisorer: Eskil Hanssen og Bjørn Eithun (begge gjenvalg). De var ikke forespurt, men ble valgt under forutsetning av at de sa seg villige. Hvis ikke, fikk styret fullmakt til å skaffe nye.

Anne Svanevik
Hønefoss

MEDREDAKTØR LARS VIKØR TAKKAR FOR SEG

Lars S. Vikør, som har vore medredaktør i *Nytt om namn* frå og med nr. 25 (1997) til og med nr. 30 (1999), har takka for seg. Vikør har gjort ein stor og viktig innsats både med å skriva og ikkje minst leggja stoffet til rette for edb. Resten av redaksjonen takkar han. Vonleg vil signaturen hans førekoma i seinare nummer av *Nytt om namn* òg.

BH

KONFERANSAR OG MØTE

DEN 9. NASJONALE KONFERANSEN I NAMNEGRANSKING

Den 9. nasjonale konferansen i namnegranskning vart halden på Blindern i Oslo i dagane 11. og 12. mai 2000. Arrangør var Seksjon for namnegranskning ved Institutt for nordistikk og litteraturvitskap. Det var rundt 70 deltakarar. I prinsippet var dette ein nasjonal konferanse, men med eit par inviterte foredragshaldarar frå Danmark og Sverige. Det var ikkje berre fagfolk, men òg nokre interesserte amatørar som hadde funne vegen til Blindern desse vakre maidagane.

Emnet for konferansen var "Namn gjennom 2000 år – namn i år 2000". I praksis kom det til å bli ein gjennomgang av og eit oversyn over nordisk, særleg norsk, namnegranskning dei siste vel 100 åra og dei oppgåvene og problema vi har stått overfor og står overfor i dag. Særleg interessante må vi vel kunne seie dei breie framstillingane til dei tre hovudforedragshaldarane var, Thorsten Andersson om *Namnforskningen inför 2000-talet*, Vibeke Dalberg om *Nordisk navneforskning i internasjonalt perspektiv* og Jørn Sandnes om *Norsk navneforskning i tverrvitenskapelig perspektiv. Hva er oppnådd – hva kan framtida gi?* Alle desse foredraga kan vi med ein viss rett kalle statusrapportar, men ikkje minst dei to første peika òg på forskingsoppgåver som ventar på å bli løyste. Sandnes hadde dessutan ein del fagpolitiske betraktningar til slutt i foredraget sitt, og han konkluderte med at det er viktig at namnegranskarane engasjerer seg i samfunnsdebatten.

Elles femnde dei einskilde innlegga vidt, frå drøfting av kva teoriar vi treng i namnegranskninga (Gunnstein Akselberg) til den norrøne språkkontakten på Orknøyane (Berit Sandnes). Vi hadde òg eit foredrag om namngjeving og namnebruk i samisk no ved tusenårsskiftet (Håkan Rydving). Mot slutten av andre dagen var det fleire innlegg om personnamn,

og det fortel vel at den framvoksteren av personnamngransking vi har hatt i vårt land dei siste 20–25 åra, er kommen for å bli, som det heiter. Med eit såpass ope tema som denne konferansen hadde, var det vel ikkje urimeleg at vi fekk eit nyttig foredrag om norsk stadnamnormering no ved tusenårsskiftet (Terje Larsen). Her vart namnenormeringa drøfta på bakgrunn av at vi no har hatt ei stadnamnlov i nærare 10 år.

Til slutt hadde Ola Stemshaug ei oppsummering, der han mellom anna peika på at naturnamna så å seie hadde vore fråverande på konferansen. Dette er på mange måtar symptomatisk, men det fortel nok òg at vi i alle fall i vårt land har mange ugjorte forskingsoppgåver akkurat på dette området. Foredraga vil bli trykte i ein eigen rapport.

Ola Stemshaug
Trondheim

MØTE I SAMARBEIDSNEMNDA FOR NAMNEGRANSKING

På møtet i Samarbeidsnemnda for namnegransking 11. mai 2000 vart det vedteke å utarbeide eit notat om den namnefaglige kvaliteten i dei opplysningane som er lagd inn i Onomastica-basen til Telenor. Om det skulle vise seg nødvendig, vil Samarbeidsnemnda søke om økonomisk støtte (bl.a. i Forskingsrådet, Språkrådet og Telenor) til forbetring av den namnefaglige kvaliteten i denne databasen.

Samarbeidsnemnda vil arbeide vidare med å få tilgang til bruk av personnamndata i hovudoppgåver. Datatilsynet har gitt eit svar som Samarbeidsnemnda er nøgd med, men nemnda vil purre på Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste og Sentralkontoret for folkeregistrering.

Namnekonsulenttenesta for Midt-Noreg har tatt opp med Telenor problemet med adressenamn i telefonkatalogen som ikkje er i samsvar med normert skrivemåte, t.d. *Aaøen* og *Brede* i staden for *Åøya* og *Breide*. I diskusjonen vart det bl.a. nemnt at ein mulig måte å få eit oversyn over dei feilaktige skrivemåtane var å kjøre Kartverkets stadnamnbase mot adressenamna i telefonkatalogen. Dei namna som berre fans i telefonkatalogen, t.d. *Aaøen*, ville da komma ut i eigne lister. Arbeidsutvalet fekk fullmakt til å arbeide vidare med saka.

Ivar Utne innleidde til diskusjon på grunnlag av eit notat som han hadde utarbeidd i samband med arbeidet med revisjon av personnamnlova. Han tok bl.a. opp spørsmålet om ein bør bruka termen *slektsnamn* eller *etternamn* om felles slektsnamn i familien som vert nytta for å ivareta likestillingsomsynet, t.d. *Sandvik-Nygård* (jf. oppmoding frå Stortinget til Regjeringa), vidare vern av slektsnamn, og om det bør vera ei liberal hald-

ning til namngiving overfor innvandrere. I diskusjonen gav fleire av representantane uttrykk for at dei var redde for at den reviderte personnamnlova ville innebera ei for liberal praktisering av namnesaker. I denne samanhengen vart det vist til at ein i Sverige godtok nesten kva som helst etter at personnamnlova vart revidert, t.d. at ein som tidlegare heitte *Strandman*, fekk lov til å kalle seg *Beachman*. Det vart vedtatt at Utne skulle kontakte dei namnefaglige representantane som er med på å avgjøre namnesaker i Sverige – dette med tanke på å få overlevert dokumentasjon over uheldige utslag av praktiseringa av den svenske lova. Denne dokumentasjonen fekk Utne i oppdrag å formidle vidare til dei andre medlemmane av den norske namnekomiteen.

Samarbeidsnemnda slutta seg til eit framlegg frå Vidar Haslum om å oppmode Statens kartverk til å nytte ein typografi som skil mellom bustadnamn og andre namn på karta, jf. *Nytt om namn* 27 (1998).

Det ligg føre planar om å leggja sjøkart inn i namnebasen til Statens kartverk, og leiaren i Samarbeidsnemnda fekk i oppdrag å ta denne saka opp med Kulturdepartementet, t.d. ved statssekretær Roger Ingebrigtsen med tanke på å sikre ei namnefaglig handsaming.

Desse vart vald til å sitte i Arbeidsutvalet for resten av valperioden: Ole-Jørgen Johannessen (UiB), Botolv Helleland (UiO), Ola Stemshaug (NTNU) og Gulbrand Alhaug (UiTø).

Gulbrand Alhaug
p.t. Uppsala

SEMINAR OG BOKPRESENTASJON OM BYNAMN

Tysdag 3. oktober 2000 vert det arrangert eit ettermiddagsseminar om bynamn og namneskifte ved Seksjon for namnegransking, Universitetet i Oslo. Seminaret tek til kl 13.15 og varer til kl. 17. Programmet ser slik ut:

Åse Wetås: Frå Kristiania til Oslo

Roger Lockertsen: Namnestriden Nidaros – Trondhjem

Ola Stemshaug: Namnestriden Fosna – Kristiansund

Botolv Helleland: Forskingshistorisk oversyn over namnet *Oslo*

Etter seminaret vil Åse Wetås presentera boka si *Namneskiftet Kristiania – Oslo* på ein open kveld i auditorium 1 i det nye UB-bygget (Georg Sverdrups hus). Dette arrangementet varer frå kl. 18 til kl. 20 og går inn programserien *Kjenn din by*. Bokpresentasjonen og det tilhøyrande programmet er eit tilskot frå Universitetet i Oslo til byens tusenårsjubileum. Rektor Kåre Norum ved Universitetet i Oslo vil opna programkvelden.

Botolv Helleland kjem fyrst i den faglege delen med eit populærvitskapleg fordrag om *Oslo*-namnet og andre stadnamn i hovudstaden. Åse Wetås vil snakka om namneskiftet *Kristiania – Oslo* og presentera boka si om dette emnet. Deretter tek Roger Lockertsen for seg striden omkring *Nidaros – Trondhjem*, før Kristin Bakken avsluttar med eit foredrag om personnamn i Oslo.

Både arrangementa er opne for alle interesserte og er gratis. Etter kveldsprogrammet er det høve til å vera med på ei omvising i Universitetsbiblioteket.

Dei som vil vera med på ettermiddagsseminaret, lyt seia i frå til Seksjon for namnegransking innan 29. september.

Botolv Helleland

NORNA-NYTT

NORNA-MØTE 29. MAI 2000

NORNA-komiteen heldt møte i Reykjavík måndag 29. mai 2000. Av dei sakene som vart drøfta, er desse av meir allmenn interesse:

NORNA-stipend 2000

Det vert også i år lyst ut eit stipend for yngre namnegranskarar. Stipendet vert i år på 3 500 danske kroner.

Kongressar, symposium og møte

For dei neste to åra er desse symposia planlagde:

- a) NORNAs 29. symposium: *Avgränsning av namnkategorier*, april 2001, Svidja, Finland.
- b) NORNAs 30. symposium: *Navne og kulturelle kontakter i Østersøområdet*, september 2001, Visby, Gotland.
- c) NORNAs 31. symposium: *Stednavnetyper -torp*, våren 2002, Danmark.

Publikasjonar

Fylgjande publikasjonar er gjevne ut eller vert gjevne ut vårhalvåret 2000:

- a) *Den nordiska namnforskningen. I går, i dag, i morgon*. Rapport fra NORNAs 25. symposium i Uppsala 7–9 februar 1999. NORNA-rapporter 67. Uppsala 1999.
- b) *Utanlandske namn i Norden*. Rapport frå NORNAs 26. symposium i Oslo 28.–30. mai 1997. NORNA-rapporter 68. Uppsala 1999.
- c) *Nordisk namnforskning 1998*. NORNA-rapporter 69. Uppsala 1999.

- d) A. *Oluf Rygh. Artikler om en foregangsmann i humanistisk forskning.* Uppsala 2000.
 B. *Oluf Rygh. Rapport fra symposium på Stiklestad 13.–15. mai 1999.* Uppsala 2000. NORNA-rapporter 70. Uppsala 2000.
- e) *Nordisk navneforskerregister 2000.* NORNA-rapporter 71. Uppsala 2000.

Det vart lagt stor vekt på at det ikkje må gå for lang tid å få NORNA-rapportane gjevne ut.

Gunnstein Akselberg
 Bergen

NORNAs 28. SYMPOSIUM PÅ ISLAND

NORNAs 28. symposium blev holdt i Skálholt på Syd-Island 25.–28. maj 2000. Örnefnastofnun Íslands stod som arrangør af symposiet med Guðrún Kvaran, Jónína Hafsteinsdóttir og Svavar Sigmundsson som forberedelseskomité. Symposiets tema var *Kristendommens indflydelse på nordisk navngivning (personnavne og stednavne)*.

De 26 deltagere i symposiet var fra alle nordiske lande og Scotland. De samledes i Örnefnastofnun i Garðabær torsdagen den 25. maj om eftermiddagen, og kørte til Skálholt via Þingvellir. Fredagen den 26. maj blev der holdt 5 forelæsninger om personnavne:

Gösta Holm: *Trosskifte och personnamnsskick i Norrland.*

Ole-Jørgen Johannessen: *Kristne personnavn i norsk høy- og seinmiddelalder.*

Anders Løøv: *Sørsamiske personnavn fra førkristen tid.*

Linnea Gustafsson: *Skelleftebygdens religiösa mentalitet speglad i pojkar-nas dopnamn 1791–1890.*

Guðrún Kvaran: *Kristen indflydelse på islandske personnavne.*

Lørdagen den 27. maj blev der holdt 7 forelæsninger om stednavne:

Bent Jørgensen: *Kirkens navn. Danske kirkers navne gennem 1000 år.*

Vidar Haslum: *Kirke og prest i norske stedsnavn.*

Jónína Hafsteinsdóttir: *Kirke-stednavne i Vestfjordene.*

Gunnstein Akselberg: *Kristning og stadnamn på Voss.*

Susanne Vogt: *Danske klosternavne – og disses holdbarhed.*

Inge Særheim: *Klokkene, Krossen og Kristennamnet. Nemne for kristen kultur og tradisjon i sørvestnorske skjergardsnamn.*

Svavar Sigmundsson: *Stednavne knyttet til kirkens tjenere.*

Mats Wahlberg gjorde til sidst ett sammendrag af symposiet.

Fredag eftermiddag havde vicebiskoppen i Skálholt, Sigurður Sigurðarson, en omvisning i Skálholt og fortalte om stedet og dets betydelse for kristendommen i Island, og om aftenen, efter en typisk 17. århundredes middag, fortalte historikeren Guðlaugur R. Guðmundsson om traditioner og livet i skolen i Skálholt (1553-1784). Søndagen den 28. maj blev deltagerne inviteret på en heldags ekskursion i Árnessýsla, først til Laugarvatn, Geysir og Gullfoss. Derefter gik turen via Brúarhlöð og Flúðir til Stöng i Þjórsárdalur. På vejen derfra til Reykjavík blev bygdemuseet i Eyrarbakki besøgt.

Det er meningen at udgive symposiebidragene i en rapport.

Svavar Sigmundsson
Reykjavík

ICOS-NYTT

STYREMØTE I PISA 12.–14. APRIL 2000

Det nye styret i ICOS (International Council of Onomastic Sciences) heldt sitt fyrste ordinære styremøte i Pisa, Italia, 12.–14. april 2000, med Dipartimento di linguistica, Università degli studi di Pisa, som vertskap. Av dei viktigaste sakene kan nemnast arbeidet med revisjon av statuttane og kvar ICOS skal registrerast. Det førre styret hadde lagt fram eit utkast til nye lover ved generalforsamlinga i Santiago de Compostela i september 1999, og det nye styret har arbeidd vidare med lovene med tanke på å gjera organisasjonen meir tidhøveleg. Til no har ICOS hatt sete i Leuven (Louvain) i Belgia, men byråkratiske reglar for registrering av internasjonale organisasjonar gjer at ein ser seg om etter eit anna land, og Sverige har vore på tale. ICOS gjev ut tidsskriftet *Onoma*, med Willy Van Langendonck som hovudredaktør. Neste nummer av *Onoma* vil ha normering av stadnamn som tema, og leiaren for ICOS, Isolde Hausner (Wien), vil vera gjesteredaktør.

Neste styremøte skal vera i Oslo 28.–29. oktober 2000.

BH

KORLEIS VERTA MEDLEM I ICOS?

Tidlegare vart ein medlem i ICOS ved at ein ”arva” ein plass, eller vart innstilt av ein eller fleire av tidlegare medlemmer. Medlemstalet var av-

grensa. Etter at organisasjonen vart skipa på nytt i 1993 i Trier, kunne alle med namnefagleg bakgrunn verta medlemmer, men likevel slik at to eksisterande medlemmer gjekk god for dei nye ved å skriva under på innmeldingsskjemaet. Denne ordninga gjeld framleis, men dersom framlegget til nye statuttar vert vedtekne under neste kongress i Uppsala i 2002, vil ein kunne melda seg inn utan vidare. Det har vore litt diskusjon om ein bør ha namnefagleg bakgrunn for å vera med, eller om det er tilstrekkeleg at ein interesserer seg for namnegransking. Truleg vil det siste vera nok.

Styret i ICOS vil gjerne at medlemstalet aukar og oppmodar interesserte om å melda seg inn. Det gjer ein lettast ved å kontakta ein av dei nordiske representantane i styret, som er Mats Wahlberg (matswahl@mail.anst.uu.se), Botolv Helleland (botolv.helleland@inl.uio.no) og Ritva Liisa Pitkänen (PITKANEN@domlang.fi). Medlemskapet kostar 800 belgiske franc eller ca. 170 norske kroner. Ved å betala kontingenten får ein m.a. tidsskriftet *Onoma* og eit meldingsblad (newsletter).

BH

21:A INTERNATIONELLA KONGRESSEN FÖR NAMNFORSKNING, UPPSALA 19–24 AUGUSTI 2002

Förberedelserna för den 21:a Internationella kongressen för namnforskning, som kommer att arrangeras av Språk- och folkminnesinstitutet, Institutionen för nordiska språk vid Uppsala universitet och Kungl. Gustav Adolfs Akademien för svensk folkkultur har nu påbörjats under ledning av ett presidium bestående av prof. Thorsten Andersson (hederspresident), prof. Lennart Elmevik, dir. Björn Lindquist och prof. Svante Strandberg (presidenter) samt docent Eva Brylla och docent Mats Wahlberg (general-sekreterare).

Inbjudan till kongressen kommer att sändas ut under januari 2001. Information om kongressen kommer också fortlöpande att lämnas på kongressens hemsida fr.o.m. slutet av 2000 (länkad till Språk- och folkminnesinstitutets hemsida <http://www.dal.lu.se/sofi/sofi.htm>).

Kongressens tema är *Nammen i språk och samhälle*. Följande sektioner planeras (varje sektion kommer att ha en ansvarig ordförande, som biträds av två medhjälpare):

1. Namnteori (ordf. univ.lektor Vibeke Dalberg, København)
2. Namn och samhälle
 - a. Namn som källor (ordf. prof. Lars-Erik Edlund, Umeå)
 - b. Namnens betingelser (ordf. prof. Rob Rentenaar, Amsterdam/København)

3. Namnbildning, namnbyte, namndöd (ordf. prof. Richard Cox, Aberdeen)
4. Namnlexika och namnprojekt (ordf. prof. Dieter Kremer, Trier)
5. Namnvård och namnplanering (ordf. fyrsteamanuensis Botolv Helleland, Oslo)
6. Namn i skönlitteraturen (ordf. prof. W.F.H. Nicolaisen, Aberdeen)

Dessutom planeras tre plenarföredrag, vilka skall vara öppna även för allmänheten. Kongressaktiviteterna kommer att äga rum i universitetets huvudbyggnad.

Preliminärt program:

måndag 19/8 Registrering i universitetsfoajén

Öppnande

Plenarföredrag

Sektioner

Plenarföredrag

Mottagning hos Uppsala universitets rektor

tisdag 20/8 Sektioner

Visning av Språk- och folkminnesinstitutets samlingar

Mottagning på museet i Gamla Uppsala

onsdag 21/8 Båtexkursion på Mälaren till Skoklosters slott och Sigtuna

torsdag 22/8 Sektioner

Visning av Språk- och folkminnesinstitutets samlingar

Orgelkonsert i Domkyrkan

fredag 23/8 Sektioner

ICOS generalförsamling

lördag 24/8 Sektioner

Sammankomst för utgivare av och redaktörer för namntidskrifter

Plenarföredrag

Slutsession

Bankett i Rikssalen på Uppsala slott

Mats Wahlberg
Uppsala

UNGEKN-NYTT

RAPPORT FRÅN UNGEGNs 20:e SESSION

FNs arbete med geografiska namn styrs dels genom de konferenser som äger rum vart femte år, dels genom den s.k. expertgruppen, United Nations Group of Experts on Geographical Names (UNGEKN), och dess möten vartannat år. Den 17 – 28 januari 2000 genomfördes den 20:e session med expertgruppen i FN-högkvarteret i New York.

För arbetet i gruppen är de olika länderna formerade i 22 divisioner, varav Norden Division utgör en. 18 divisioner var nu närvarande med totalt 130 representanter från 53 länder. Den nordiska delegationen bestod av två personer från Finland, Sirkka Paikkala från Forskningscentralen för de inhemska språken, och Teemu Leskinen från Lantmäteriverket, norrmannen Botolv Helleland, avdelningen för namngranskning vid universitet i Oslo, samt från Sverige Leif Nilsson, namnvårdskonsulent vid Språk- och folkminnesinstitutet och Hans Ringstam, Lantmäteriverket, för närvarande ordförande i Norden Division.

Den ordinarie ordföranden i expertgruppen, sydafrikanen Peter Raper hade inte beviljats resebidrag från sitt land för att delta så vice ordföranden, kanadensiskan Helen Kerfoot, fick överta hans roll. Till vice ordförande under mötet valdes Botolv Helleland.

Rapporter

Dagordningen vid dessa möten följer en standardmall med få justeringar och tillägg. Relativt mycket tid anslås för de olika divisionerna att rapportera om de senaste tilldragelserna inom ortnamnsverksamheten i sina respektive områden. Som plenarsammanträden finns även punkter på agendan för Toponymic guidelines for map editors and other editors (ett slags handledningar i att läsa ortnamn på andra länders kartor) för exonymer samt för ämnet standardisering av ortnamn i flerspråkiga områden (jfr nedan).

Under punkten rapporter redogjorde vi från Norden bl.a. för var funktionen som ortnamnsmyndighet ligger i våra respektive länder. I Danmark fastställer Stednavneudvalget ortnamn, i Norge är det Statens kartverk som med hjälp av namnkonsulenterna fungerar som ortnamnsmyndighet och i Sverige är det Lantmäteriverket med stöd av Språk- och folkminnesinstitutet. I Finland ankommer det på Forskningscentralen för de inhemska språken att tillhandahålla råd och normativa rekommendationer för ortnamnens stavning. I alla de nordiska länderna har dessutom kommunerna i olika utsträckning befogenheter inom ortnamnsområdet. Dessutom är det generellt så, att specialinstitutioner har befogenheter att

fastställa namn på objekt för vilka de är huvudmän, såsom luftfartsverk (flygplatser), sjöfartsverk (fyrar) och postverk (adressorter).

Den finska delen av divisionen rapporterade också om sina aktiviteter under den europeiska kulturavsdagen 1999. Finland hade då valt som tema *Ortnamn – minnen i miljön*. I anslutning till rapporten visades den video som två gånger sänts i finsk television med anledning av detta tema. Videon blev berättigt uppmärksammas och kom senare under mötet att omnämnas som bra exempel på informationsspridning inom det aktuella ämnesområdet.

Från nordisk horisont är det intressant att notera framväxten av det onomastiska standardiseringsarbetet i Baltikum, bl.a. för att nordiska experter deltagit i uppbyggnadsarbetet där. I Estland finns nu en ortnamnslag som ger rättslig status åt inhemska namn. I Litauen fungerar den statliga kommittén för litauiska språket som ortnamnsmyndighet, vars beslut har rättslig kraft. I Lettland finns en ortnamnskommission med rådgivande ställning.

Arbetsgrupper

Vid sessionerna avrapporterar också olika arbetsgrupper sin verksamhet. Inom arbetsgruppen för ortnamnsdatabaser och ortnamnsförteckningar (Toponymic data files and gazetteers) konstaterades, att databaser numera är rutin inom ortnamnsarbetet. Länder som Kanada och USA erbjuder fri tillgång via Internet till baser med stora mängder ortnamn, t.ex. the Canadian Geographical Names Data Base med 500 000 ortnamn. Baserna tycks i allmänhet ha karaktären av ortnamnstabeller, där ortnamnen redovisas med vissa attribut som typ av objekt, d.v.s. namnets syftning, samt koordinater och administrativ tillhörighet för objektet. Uppslagsform är den officiella stavningen, eventuellt med korshänvisning till namnvarianter.

Norden Division presenterade här en rapport om Finlands nationella ortnamnsdatabas med ca 800 000 ortnamn, byggd på grundkartan i skala 1:20 000. Basen innehåller det nationella ortnamnsregistret och ett kartnamnsregister. Ett utökat bokstavsset av ISO 8859-10 möjliggör skrivning på de fem språken i Finland, nämligen finska, svenska, nordsamiska, inarisamiska och skoltsamiska. Denna bas skiljer sig från vad som i övrigt är vanligt, i det att den tjänar både den nationella standardiseringsverksamheten av ortnamn och kartproduktionen. Expertgruppen noterade detta som något unikt. Det kan väl i sammanhanget noteras, att även det svenska Lantmäteriverkets nya ortnamnsdatabas förenar dessa båda funktioner.

Arbetsgruppen för namn på länder har framställt en förteckning över de 193 urskiljda oberoende staternas namn. De åtta stater som inte är FN-

medlemmar, i Europa Schweiz och Vatikanstaten, har sina namn markerade med en asterisk. Namnen presenteras dels i fullständig form, *Konungariket Sverige*, dels i kortform, *Sverige*. Namnen redovisas på det aktuella landets officiella språk förutom på de tre officiella FN-språken engelska, franska och spanska.

Arbetsgruppen för ortnamnsterminologi har redan tidigare färdigställt en terminologiorrdlista med 375 uppslagsord, från 'acronym' till 'writing system'. Det torde vara önskvärt, att man i onomastiska sammanhang är medveten om denna lista och inte ser den som någon isolerad företeelse. I terminologiers natur ligger ju en standardiseringssträvan, och om man rör sig med flera definitioner av en viss term, blir ingen av dem riktigt användbar.

Som ett exempel från terminologiorrdlistan kan uppslagsordet 'exonym' tas. Det är enligt den engelska versionen "name used in a specific language for a geographical feature situated outside the area where that language has official status, and differing in its form from the name used in the official language or languages of the area where the geographical feature is situated". Som exempel ges bl.a. *Londres* som fransk exonym för *London* och *Mailand* som tysk exonym för *Milano*.

Det avgörande för om ett ortnamn är en exonym är alltså, om skriftbilden överensstämmer med vad som gäller inom det politiska område, där objektet för namnet är beläget. *Geneva* är en engelsk exonym för *Genève*, som är den inhemska formen, endonymen. Däremot är *Genf* inte en exonym för *Genève*, därför att tyska är ett av de officiella språken i Schweiz, där Genève ju ligger. Translittereringar räknas inte som exonymer, så den romaniserade formen *Moskva* ses inte som en exonym för *MockBa*. Inte heller är pinyin-formen *Beijing* en exonym, vilket däremot Peking är.

Arbetet med standardisering av ortnamn gäller alltså den skrivna formen av ett namn. Svenskans uttal av namnet *Paris* med hörbart *s*-ljud räknas alltså inte som en exonym, trots att uttalet i det område, där objektet är beläget, har bortfall av detta *s*. Uttalsformer kan inte standardiseras; däremot bidrar givetvis en standardiserad skrivning också till färre uttalsvarianter.

I diskussionerna i arbetsgruppen för exonymer fastslogs än en gång det önskvärda i att användningen av exonymer reduceras i kartografiska sammanhang. Åsikter förekom dock om, att exonymer i ett språk kunde betraktas som en del av språkets kulturarv. Norden Division presenterade i sammanhanget en rapport från symposiet i Oslo 1997 om utländska namn i Norden. Flera av talarna där hade också uttryckt viss förkärlek för exonymer. För ökad internationell förståelse måste dock användning av exonymer ses som ett hinder.

Under punkten standardisering i flerspråkiga områden rapporterade vi från nordiskt håll om införandet av de nya samiska ortografierna. De gällande ortografierna för nordsamiska och lulesamiska har ju i relativ sen tid antagits av samerna själva. Nu pågår i Norge, Sverige och Finland ett arbete med att på kartor, i postadresser etc. föra in dessa ortografier i ortnamnen. Det är ganska krävande processer med inslag av argument, som ibland inte vittnar om så stor vidsynthet.

Nästa konferens

Det standardiseringsarbete gällande geografiska namn som bedrivs i FNs regi bygger som inledningsvis nämnts bl.a. på de konferenser som hålls vart femte år sedan 1967. Nästa konferens äger rum i Berlin den 27 augusti --5 september år 2002 med Tyskland som värdnation.

Hans Ringstam
Gävle

ANNA MELDINGSSTOFF

GRAVA TIL OLUF RYGH

For nokre år sidan hørde eg at grava til Oluf Rygh ikkje var stelt. Eg fekk ikkje den gongen høyre kvar grava var. I fjor spora eg ho opp: Oluf Rygh er gravlagd på Gamle Aker kyrkjegard, ikkje langt frå Oslo sentrum og like i nærleiken av Vår Frelsers gravlund.

Gravsteinen er låg og avlang og ruver ikkje i lendet. Dertil er innskrifta mest utviska. Det er Oldsaksamlinga som betaler festeavgifta, og leiaren for Oldsaksamlinga, Egil Mikkelsen, vil syte for at innskrifta vert fornya.

Men fine blomar var det på grava då eg var der no i midten av juni.

Gudmund Harildstad
Oslo

NAMNEKONSULENTTENESTA

SAMRÅDINGSMØTET FOR NAMNEKONSULENTANE 2000

Det årlege samrådsmøtet for namnekonsulentane blir i år halde i Molde 25.-27. oktober. Dette er det tiande fellesmøtet og såleis eit jubileums-

møte. Som dei siste åra blir delar av møtet felles med dei namneansvarlege i Kartverket. Dei lokale kartdagane i Møre og Romsdal blir skipa til på same stad og delvis til same tid, og det er også planar om å samarbeide med dette arrangementet.

Terje Larsen
Oslo

NORMERING OG BRUK AV NAMN

KLAGENEMNDA FOR STADNAMNSAKER

Sidan 1993 har sekretæren for Klagenemnda for stadnamnsaker publisert vedtaka i *Nytt om namn*, fyrste gongen i nr. 19 (1994) og seinare i annakvart nummer av bladet (nummer med oddetal). Nedanfor følgjer oversyn over dei sakene som klagenemnda har behandla ferdig i perioden mai 1999 til juni 2000.

	Namn, kommune, fylke	Klagars ønske	Vedtak i klagenemnda
1	Søre Toppo, Bergen, Hl.	Søre Toppå	Søre Toppe
2	Nordre Toppo, Bergen, Hl.	Nordre Toppe	Nordre Toppe
3	Gjerdingen, Bergen, Hl.	Gjeringen	Gjerdingen
4	Fjøsangerbukta, Bergen, Hl.	Fjøsangerbukten	Fjøsangerbukten
5	Paradisbukta, Bergen, Hl.	Paradisbukten	Paradisbukten
6	Marmorøyna, Bergen, Hl.	Marmorøen	Marmorøyen
7	Sletta, Bergen, Hl.	Sletten	Sletten
8	Tveitevattet, Bergen, Hl.	Tveitevannet	Tveitevannet
9	Storetveitvatnet, Bergen, Hl.	Storetveitvannet	Storetveitvannet
10	Hopsvatnet, Bergen, Hl.	Hopsvannet	Hopsvannet
11	Kristianborgvatnet, Bergen, Hl.	Kristianborgvannet	Kristianborgvannet
12	Skipaneset, Bergen, Hl.	Skibenes	Skipaneset
13	Botnavika, Bergen, Hl.	Botnevik	Botnavika
14	Hausdal, Bergen, Hl.	Haugsdal	Hausdal
15	Ramsdalen, Bergen, Hl.	Ramsdal	Ramsdalen
16	Søyla, Bergen, Hl.	Søylen	Søylen
17	Djupevika, Bergen, Hl.	Djupvik, Djupevik	Djupvik
18	Selsvika, Bergen, Hl.	Selsvik	Selsvik
19	Gryvlet, Bergen, Hl.	Grøvlet	Grøvlet
20	Kyrkjebirkeland, Bergen, Hl.	Kirkebirkeland	Kirkebirkeland
21	Rambjørga, Bergen, Hl.	Rambjøra	Rambjørga
22	Litla Nesttunvatnet, Bergen, Hl.	Lille Nesttunvannet	Litle Nesttunvatnet
23	Heller, Granvin, Hl.	Hedler	Heller

24	Nollane, Granvin, Hl.	Nodlen	Nollen
25	Hjalladalen, Granvin, Hl.	Hjadladalen	Hjalladalen
26	Trollabotnen, Granvin, Hl.	Trodlabotn	Trollabotnen
27	Trollavatnet, Granvin, Hl.	Trodlavatnet	Trollavatnet
28	Trollagytta, Granvin, Hl.	Trolljøtta	Trollgytta
29	Vardhelrane, Granvin, Hl.	Vardheldrane	Vardhellerane
30	Gjoene, Granvin, Hl.	Jonene	Jonene
31	Gjobrunene, Granvin, Hl.	Jobrunene	Jobrunene
32	Gjoberget, Granvin, Hl.	Joberget	Joberget
33	Gjobakkane, Granvin, Hl.	Jobakkane	Jobakkane
34	Gjonipen, Granvin, Hl.	Jonipen	Jonipen
35	Snilsneset, Granvin, Hl.	Snilsnes	Snilsnes
36	Såta, Ullensvang, Hl.	Såto	Såta
37	Salthella, Ullensvang, Hl.	Salthedlo	Salthella
38	Langenuen, Ullensvang, Hl.	Langnuen	Langenuen
39	Langenuenden, Ullensvang, Hl.	Langnuenden	Langenuenden
40	Nibba, Ullensvang, Hl.	Nibbo	Nibba
41	Hallaskar, Ullensvang, Hl.	Hadlaskar	Hallaskar
42	Hallaskarhalsen, Ullensvang, Hl.	Hadlaskarhalsen	Hallaskarhalsen
43	Hallaskarmyrane, Ullensvang, Hl.	Hadlaskarmyrane	Hallaskarmyrane
44	Heimsta Hallaskar, Ullensvang, Hl.	Heimsta Hadlaskar	Heimsta Hallaskar
45	Hallaskardalen, Ullensvang, Hl.	Hadlaskardalen	Hallaskardalen
46	Heggeitlane, Ullensvang, Hl.	Heieitlane el. Hæeitlane	Heggeitlane
47	Finnsgarden, Hareid, MøRo.	Finsgarden	Finnsgarden
48	Ovra, Hareid, MøRo.	Overå	Ovra
49	Aun, Harstad, Trs.	Aune	Aun
50	Inner-Aun, Harstad, Trs.	Aune Indre	Inner-Aun
51	Med-Aun, Harstad, Trs.	Aune Mellem	Med-Aun
52	Ytter-Aun, Harstad, Trs.	Aune Ytre	Ytter-Aun
53	Aunvatnan, Harstad, Trs.	Aunevatnan	Aunvatnan
54	Aunfjellet, Harstad, Trs.	Aunefjellet	Aunfjellet
55	Aunskallen, Harstad, Trs.	Auneskallen	Aunskallen
56	Aunlandet, Harstad, Trs.	Aunelandet	Aunlandet
57	Aunlian, Harstad, Trs.	Aunelian	Aunlian
58	Aundalen, Harstad, Trs.	Aunedalen	Aundalen
59	Aunskaret, Harstad, Trs.	Auneskaret	Aunskaret
60	Med-Aunneset, Harstad, Trs.	Meaunneset	Med-Aunneset
61	Med-Aunbukta, Harstad, Trs.	Meaunbukta	Med-Aunbukta
62	Med-Aunbøen, Harstad, Trs.	Meaunbøen	Med-Aunbøen
63	Med-Aunskogen, Harstad, Trs.	Meaunskogen	Med-Aunskogen
64	Ytter-Aunbukta, Harstad, Trs.	Ytteraunbukta	Ytter-Aunbukta
65	Ytter-Aungjerdet, Harstad, Trs.	Ytteraungjerdet	Ytter-Aungjerdet
66	Ytter-Aunskogen, Harstad, Trs.	Ytteraunskogen	Ytter-Aunskogen
67	Inner-Aunskogen, Harstad, Trs.	Inneraunskogen	Inner-Aunskogen
68	Bjørkmyra, Trondheim, STR.	Bjørkmyr	Bjørkmyra
69	Førre, Tysvær, Rog.	Førde	Førre
70	Gåsmoen, Snåsa, NTr.	Gåsmo	Gåsmoen

71	Åssveet, Grong, NTr.	Åsved	Åssveet
72	Midtsandan (bruksnamn), Malvik, STr.	Midtsand	Midtsandan
73	Midtsand (grendenamn), Malvik, STr.	Midtsandan	Midtsandan
74	Leberg, Melhus, STr.	Løberg	Leberg
75	Hammar, Høylandet, NTr.	Hammer	Hammer
76	Røflovegen, Inderøy, NTr.	Raudflovegen	Raudflovegen
77	Flatåsen, Trondheim, STr.	Flatås	Flatåsen
78	Kvenna (bruksnamn), Surnadal, MØRo.	Kvanne	Kvanne
79	Kvanne (grendenamn), Surnadal, MØRo.	Kvenna	Kvanne
80	Kvannaneset, Surnadal, MØRo.	Kvanneneset	Kvannaneset
81	Kvannaåsen, Surnadal, MØRo.	Kvanneåsen	Kvannaåsen

Nokre opplysningar til oversynet:

Namnetypar

Dei fleste sakene, i alt 50, gjeld *naturnamn*. Elles gjeld klagen 24 reine *bruksnamn*, 3 namn som er både *bruksnamn* og *grendenamn*, medan ei sak gjeld eit *seternamn*.

Vedtaksorgan

I 4 av sakene (i oversynet nr. 49, 73, 76 og 79) har ein kommune vore vedtaksorgan. Elles har Statens kartverk vore vedtaksorgan.

Klagar

I om lag halvparten av sakene er det ein kommune som har klaga, medan grunneigarar står som klagar i 22 saker. Lokale organisasjonar er klagar i 15 saker, medan eit fylkeskartkontor står som klagar i 2 saker.

Medhald/ikkje medhald

Klagar har fått medhald i 23 saker, medan det opphavlege vedtaket vart stadfest i 52 saker. I dei resterande seks sakene gjorde nemnda nytt vedtak.

Dissensar i nemnda

I 73 av dei 81 sakene var vedtaket samrøystes. I dei resterande 8 sakene var det dissens, og i 3 av desse vart vedtaket gjort med dobbelrøysta til leiaren. Dette gjeld sak nr. 7, 20 og 75 i oversynet.

Nemnda sine grunngjevingar

To klagesaker har fått mykje omtale og merksemd i lokalt. Det er sak nr. 49 *Aun/Aune*, Harstad og sak nr. 78 og 79 *Kvenna/Kvanne*, Surnadal. Eg skal til slutt ta med utdrag frå grunngjevinga til nemnda i desse sakene.

I *Aun/Aune*-saka, som har ei lang forhistorie som eg ikkje skal gjere greie for her, gjorde Harstad kommune vedtak om at grendenamnet skulle ha

skrivemåten *Aun*. Vedtaket gjaldt også namnet på grunnskolen, skolekrinsen, grunnkrinsen og stemmekrinsen. Namnet er opphavleg eit bruksnamn, men er i denne funksjonen no berre brukt i samansett form. Som bruksnamn gjorde Statens kartverk Troms desse vedtaka: *Inner-Aun*, *Med-Aun* og *Ytter-Aun*. Alle vedtaka vart påklaga av Aune Grendelag, foreldrerådet ved grunnskolen, Aune Baptistmenighet og fleire oppsitjarar, men vedtaka vart samrøystes stadfeste av klagenemnda. I grunngevinga heiter det m.a.:

Vi står i denne saken overfor et forhold der uttalen /aun/ så å si er enerådende, og der saksopplysningene viser at denne uttalen har vært brukt i hvert fall fra 1500-tallet, mens skriftradisjonen som vist ovenfor har variert. Hovedregelen etter § 4 første ledd er at en ved fastsetting av skrivemåten skal ta utgangspunkt i den nedarvete lokale uttalen, som tilsier skrivemåten *Aun*. Denne formen vil også være i samsvar med § 2-3 andre ledd, bokstav a i forskriftene, der det bl.a. heter at entalls- eller flertallsform og bestemt eller ubestemt form som hovedregel skal rette seg etter målføret, fordi den viser at navnet er ubestemt form entall av ordet *audn*. Skrivemåten *Aune* vil derimot indikere at navnet er en dativform. På den andre siden er det et sterkt lokalt engasjement for denne skriftformen. Nemnda har likevel merket seg i forbindelse med klagesakene 57-59/1999 *Inner-Aun*, *Med-Aun* og *Ytter-Aun* at skrivemåten *Aun* også har støtte i lokalsamfunnet, selv om det er av et mindretall. Nemnda vil her legge til at den ikke har vurdert alternativet *Audn*, som ville være en skrivemåte i samsvar med gjeldende rettskrivning. Nemnda har ikke definert *audn* som et allment kjent ord, og formen *Audn* har heller ikke vært ønsket av noen av partene.

Som nevnt er hovedregelen at en ved fastsettelse av skrivemåten skal ta utgangspunkt i den nedarvete uttalen. Vedtak som fraviker denne hovedregelen, har nemnda fattet i enkelte tidligere saker, men da har det dreid seg om en nyere og utbredt uttale med forankring i en dominerende skriftradisjon.

I denne saken har nemnda kommet til at skrivemåten bør være *Aun*. Nemnda har i vedtaket lagt avgjørende vekt på at uttalen /aun/ fortsatt er den vanlige, og at denne formen kommer til uttrykk i skrivemåter som har vært brukt fra 1500-tallet og fram til i dag.

Sak nr. 78 og 79 *Kvenna/Kvanne* gjaldt eit bruksnamn som også er nytta som grendenamn. I tillegg er det også namn på ein ferjestad og på eit postkontor. Som bruksnamn vedtok Statens kartverk Møre og Romsdal skrivemåten *Kvenna*, og denne skrivemåten vart også teken i bruk i namnet på ferjestaden. Surnadal kommune vedtok skrivemåten *Kvanne* for grendenamnet, ein skrivemåte som også har vore nytta i namnet på postkontoret. Skrivemåten av bruksnamnet vart påklaga av Surnadal kommune og

Kvande Grendalag, medan skrivemåten av grendenamnet vart påklaga av Statens kartverk Møre og Romsdal. Namnet står dessutan som førsteledd i to relasjonsnamn, der vedtaka var *Kvennaneset* og *Kvennaåsen*. Desse vedtaka vart påklaga av Kvande Grendalag. I vurderinga av primærnamnet var nemnda delt, og røystetalet var tre for *Kvanne* og éi for *Kvenna*. Vedtaka for relasjonsnamna var derimot samrøystes.

Leiaren og den fritt oppnemnde medlemmen seier i si grunngjeving:

Denne saka gjeld eit namn med fleire funksjonar. Det er synt eit sterkt lokalt engasjement for skrivemåten *Kvanne*, som er den namneforma bygdefolket identifiserer seg med, og skrivemåten *Kvenna* blir oppfatta som ei namneendring. Også kommunen går inn for *Kvanne*. Dette skal det leggjast vekt på, og vi vil i denne samanheng vise til Ot.prp. nr. 66 (1988-89) Lov om stadnamn s. 10. Det er i tillegg ein så å seie eintydig skrifttradisjon for a i førstestavinga. Forma *Kvanne* står m.a. på den tidlegare utgåva av N50-kartet, og er tilrådd av namnekonsulentane 19.2.1970. *Kvanne* er også innarbeidd som postkontornamn og namn på ferjeleiet. Vi har derfor etter ei samla vurdering kome til at det i denne saka er sterke nok grunnar til å fråvike hovudreglane i § 4 første og andre ledd, og vi går inn for at skrivemåten må vere *Kvanne* for primærnamnet og *Kvennaneset* og *Kvennaåsen* for relasjonsnamna.

Den eine språkkunnige medlemmen seier:

Saka gjeld eit namn der den nedervde lokale uttalen /²kven9n9a/ er godt dokumentert, og dette talar sterkt for skrivemåten *Kvenna*. Det er heller ikkje tvil om at vi her har å gjere med eit vin-namn, som i dette området endar på -a. På den andre sida er skrifttradisjonen så å seie eintydig med a i førstestavinga, og skrivemåten *Kvanne* er også tilrådd av namnekonsulentane etter det tidlegare regelverket, og dette skal det leggjast vekt på. I denne forma er namnet m.a. brukt som namn på eit ferjeleie, og har såleis ein stor brukarkrins. Uttaleforma /²kvanne/ synest også å vere vanleg i denne samanhengen, og *Kvenna* vil ikkje oppfattast berre som ei endring av skrivemåten, men som ei namneendring. Eg vil også peike på at med skrivemåten *Kvenna* kan uttalen snart bli /¹kven9n9a/ med tonem 1, fordi namnet da lett kan oppfattast som ei dialektform av **Kverna*, utan at eg vil leggje avgjerande vekt på dette. Eg finn saka svært vanskeleg, men har under sterk tvil kome fram til at eg vil gå inn for skrivemåten *Kvanne* for primærnamnet og *Kvennaneset* og *Kvennaåsen* for relasjonsnamna.

Den andre språkkunnige medlemmen seier derimot:

Når det er opna for å fråvike hovudreglane i § 4 første og andre ledd, blir spørsmålet om det i denne saka ligg føre sterke nok grunnar til å gjere det. Dei argumenta som blir brukte for skrivemåten *Kvanne*, er at det er denne forma som kjennest naturleg for bygdefolket, og som dei

identifiserer seg med. Det blir også vist til skriftradisjonen og til skrivemåten av slektsnavnet. Dette har eg forståing for, men etter mitt syn er ikkje desse grunnane vektige nok til at ein bør fråvike hovudreglane i dette tilfellet. Det er skrivemåten *Kvenna* som representerer den tradisjonelle uttalen, og som syner at namnet er eit vin-namn. Forma *Kvenna*- finn ein dessutan igjen i relasjonsnamna *Kvenneset* og *Kvennaåsen*, og desse skrivemåtane har også kommunen gjort framlegg om. Eg går inn for at skrivemåten må vere *Kvenna* for primærnamnet og *Kvenneset* og *Kvennaåsen* for relasjonsnamna.

I avrøystinga var røystetalet tre mot ein, og nemnda gjorde vedtak i samsvar med fleirtalssynet og fastsette skrivemåten til *Kvanne* for primærnamnet og *Kvenneset* og *Kvennaåsen* for relasjonsnamna.

Terje Larsen
Oslo

STRIDEN UM GÄVLE

Före den stora svenska stavningsreformen 1907 stavades namnet *Gefle*. Enligt reformens regler skulle stavningen i fortsättningen var[a] *Gävle*. Så stavade alla statliga myndigheter och verk, t.ex. Posten. Men de kommunala myndigheterna och stadens rika och mäktiga köpmän höll fast vid den gamla stavningen *Gefle*, vilket naturligtvis ledde till problem och förvirring. Efter tjugo år insåg man att något måste göras, och dåverande Svenska ortnamnsarkivet drogs in i diskussionen. I någon skrivelse som jag har sett i tjänstearkivet talar en motståndare om ”den gruvligt fula bokstaven ä”, och på den nivån fördes en stor del av debatten.

Till sist ordnades i Gävle en stor offentlig debatt i frågan, och experten Jöran Sahlgren inbjöds. En representant för stadens gamla mäktiga handelsfamiljer höll der ett känslösamt anförande där han talade om stadens stolta historia och att en stavningsändring skulle innebära att gävleborna blir historielösa och förlorar känslan för sin hembygd. Han skulle för sin del aldrig mera kunna identifiera sig med sin stad som han hittills gjort.

Då begärde professor Sahlgren ordet och sade ungefär så här: ”i min ungdom stavades ordet *kvinna* med *qv*. När jag sedan måste stava ordet med *kv* trodde jag att jag för alltid skulle förlora mina varma känslor och aldrig mera skulle kunna älska någon kvinna. Men jag kan försäkra att det har gått alldeles utmärkt!” Därmed gick luften ur debatten, och stadens namn stavas sedan dess på bara ett sätt.

Allan Rostvik
Uppsala

ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

MELLOM- OG ETTERNAVN I ANDRE LAND

I forbindelse med personnavnsaker og arbeidet med revisjon av personnavnloven dukker det ofte opp spørsmål om navneskikker i andre land. En del slikt stoff blir presentert i denne artikkelen, med vekt på mellom- og etternavn. Det blir lagt vekt på bruksmåter og ikke på opphav og betydning. Andre artikler med emner knytta til arbeidet med ny personnavnlov fins i *Nytt om navn* nr. 29 og 30 og i *Namn og Nemne* nr. 16. Innstilling om ny personnavnlov ventes å være klar til høsten (2000). Ei framstilling om navneskikker i mange land kan vanskelig bli rett på alle punkt, fordi det ofte er uklart hva som er sedvane og hva som er offisiell bruk, hva som er eldre og moderne bruk, og hva som er mye og lite utbredt. Dessuten er det ikke et en-til-en-forhold mellom begrepsbruken fra land til land. Etter en oversikt over generelle trekk vil en del enkeltkulturer bli omtalt.

I Generell oversikt

Etternavn og slektsnavn

Familienavn og *slektsnavn* viser begge til felles navn på medlemmer i en familie eller slekt. Navna er vanligvis arvelige. De skiller seg fra *ekte patronym*, også kalt *primærpatronym*, som er danna av av farens fornavn, ev. med et tillegg, og som gjerne forener en søskenflokk. Termen *metronym* viser tilsvarende til moras navn. *Stivna patronym* er opphavlig ekte patronym som har blitt arvelige og dermed slektsnavn, f.eks. *sen*-navn. *Tilnavn* er personkarakteriserende navn, gjerne av steds- eller yrkesnavn, noen ganger òg brukt om ekte patronym. Når en familie eller slekt går over til å bruke et tilnavn om seg sjøl, kan det regnes som slektsnavn.

Etternavn vil normalt brukes om det siste navnet i navnerekka i kulturer der personlige navn eller fornavn kommer først, dvs. typene som er nevnt ovenfor, unntatt tilnavn. I kulturer med *omvendt navnerekkefølge* av vår passer det dårlig å bruke termene etternavn og fornavn.

I denne artikkelen blir termen etternavn brukt som en fellesbetegnelse, trass i at den ikke passer for alle kulturer. Hva som kommer først i register som skal alfabetiseres, må vi la ligge her. Men vi skal se litt mer på bruken av noen spesielle varianter av etternavn.

Doble etternavn, med eller uten bindestrek, er ofte en eldre skikk brukt i overklassen i mange land. Skikken har en viss utbredelse i flere land i vår tid, fordi det gir mulighet for ektefeller å føre begges etternavn videre. Lovverket i flere land begrenser bruken.

I flere afrikanske kulturer og i Asia er etternavnbruken ganske ny eller på vei inn. Hver person har ofte hatt mange navn som tilsvarer våre fornavn. Ett av disse, oftest det siste, kan bli tatt i bruk som etternavn.

Etternavn blir stilt *først i navnerække* bl.a. i Ungarn, Kina, Japan, Korea og i Kambodsja (Khmer-språket), hos tamilene på Sri Lanka, og i Elfenbenskysten. Skikken er mer vekslende eller på vei ut på Madagaskar, hos singaleserne på Sri Lanka, i Etiopia og det sørlige India. I Sverige fins òg noe lignende, jf. nedenfor. Forskjellige *småord*, også kalt partikler, kan knyttes til etternavn, og ev. til mellomnavn.

Preposisjoner fins fremst i etternavn danna av stedsnavn i tysk, nederlandsk, romanske språk og færøysk. Men de blir òg brukt når en spansk-språklig ektefelle, helst uoffisielt, legger til den andres etternavn etter sitt eget.

Bestemte artikler fins bl.a. i navn på romanske språk og i arabisk, og mellom preposisjoner og hovedledd i tysk og nederlandsk.

Slektskapsprefiks (foranstilt ord eller ledd) brukes i store deler av verden, bl.a. i muslimsk navneskikk (*ibn*) og i en del afrikanske kulturer.

Suffiks (etterstilt ord eller ledd) blir brukt som løse ledd i muslimske navn (*al-Din* etter et navn). Slektskapsendinger som *-sen*, *-son*, og de russiske *-itsj* og *-ov* er faste suffiks.

Konjunksjoner, tilsvarende *og*, har særlig blitt brukt i adelige navn. I spansk fins det òg nyere navn med konjunksjonen *y*.

De *kjønnsmarkerende partiklene* mellom etter- og fornavn i vietnamesisk, bl.a. *Van* og *Thi*, kan oppfattes som suffiks eller som mellomnavn.

Mellomnavn

Mellomnavn er navn som gjerne er mer personlig enn etternavnet og mindre personlig enn fornavnet, og innholdet i lignende begrep er nokså ulikt fra land til land. De står ofte for en mer begrensa slektstilknytning enn etternavnet. Ofte blir oppvekstnavn til mellomnavn når ektefeller vil ha det med seg til seg sjøl eller til barn. Ofte er grensa flytende mot *andre fornavn* (*fornavn nr. 2*) og mot ett av flere etternavn, som ofte òg regnes som *doble etternavn*.

Pikenavn brukes om etternavnet som kvinner bruker før de gifter seg. Termen er ikke tjenlig da den dels er språklig forelda, fordi motsetninga "gutteneavn" òg har en annen betydning, og fordi det er uegna som fellesterm. Svenskene kaller det "ogiftanamn", og det engelske "maiden name". *Oppvekstnavn* kan være en bra avløser.

Ekte patronym med ending brukes i russisk, gresk og noen av de østeuropeiske språka, og fins som en mulighet i norsk og svensk. I deler av den muslimske delen av verden fins ekte patronym, enten med et prefiks (ofte *ibn*) eller uten.

Videreføring av tidligere etternavn i tillegg til nytt etternavn forekommer, men i ulikt omfang, i det meste av Europa og Amerika, men har ofte uklare grenser mot doble etternavn.

Fornavn

Fornavn brukes vanligvis om det første navnet i rekka, ev. flere av samme type, og som i hovedsak er forskjellig fra andre i familien. Det er unntak for personlig oppkalling. *Dåpsnavn* vil ikke passe for ikke-kristne. Og *gitt navn*, etter engelsk ”given name”, er ikke innarbeidd på norsk. *Personlig navn* blir òg brukt, men det fins kulturer der bl.a. tilnavna òg kan regnes som personlige.

II Noe om skikker i en del kulturer

Sverige

I Sverige kan etternavn tas i bruk som mellomnavn for barn og ektefeller etter bestemte regler. Mellomnavn kan ikke arves. De som har både mellom- og etternavn, får begge ført opp samla i register, og det blir alfabetisert etter det første. I folkeregister og pass får mellomnavn spesiell merking. Særlig i de siste tiåra av 1900-tallet har en del svensker begynt å sette bindestrek mellom mellom- og etternavn. Men det er en uoffisiell bruksmåte. Det fins mange eldre svenske doble etternavn både med og uten bindestrek. Det er ikke adgang til å sette sammen nye.

Såkalte ”gårdsnamn” kan føres i fornavnfeltet, enten foran eller etter vanlige fornavn, dersom en kan vise til tradisjon i familien. Enten kan det være navn for folka på gården, som *Klokkar-Erik*, *Erikers-Brita* og *Tupp-Ola*. Eller det kan være et vanlig gårdsnavn, som i det tenkte tilfellet *Ola Torstorpet*, med etternavnet *Olsson*. Ekte patronym eller metronym (etter mora) kan registreres som fornavn, og unntaksvis godkjennes som etternavn.

Finland

I Finland kan en av ektefellene få et dobbelt etternavn (”släktnamn”), knytta sammen med bindestrek, som består av oppvekstnavnet og et ev. felles etternavn for ektefellene. Dobbeltnavnet er personlig, og barn kan bare få overført et enkelt etternavn. Mellomnavn fins ikke. Derimot kan en av foreldrenes fornavn med endinga *-son*, *-dotter*, eller tilsvarende, registreres som fornavn.

Danmark

I Danmark vil forekomster av to etternavnlignende navn uten bindestrek være mellomnavn og etternavn. I mange alfabetiske register blir disse ført

samla dersom etternavnet er et vanlig *sen*-navn eller et annet vanlig navn, som bl.a. *Møller* (*Dansk Standard DS 377*, 1980). Formålet med det er å skille mange like etternavn fra hverandre. Men det uttrykker ikke lik status. Etternavnet står alene på alfabetisk plass i telefonkataloger og i offentlige register. Folk kan få såkalte "adresseringsmellomnavn" ved å melde fra til folkeregisteret. Dette gjelder mange av ektefellers tidligere og nåværende mellom- og etternavn. Navna er ikke offisielle, men ei hjelp ved utsendelse av post.

Ektefeller kan få felles dobbelt etternavn med bindestrek. Det fins òg arvelige dobbeltnavn fra tidligere generasjoner. Blant registrerte danske dobbeltnavn har alle bindestrek, med unntak av adelige og spesielle utenlandske navn, f.eks. med prefiks.

Island

I islandsk er det vanlig at etternavn har endingene *-son* eller *-dóttir* lagt til farens fornavn, som *Eiríksdóttir*, *Árnason* (av *Árni*) og *Hákonardóttir*. *Helguson* er avleda av kvinnenavnet *Helga*. Det fins også arvelige etternavn, som *Kvaran* og *Eldjárni*. De blir ikke kombinert med patro- eller metronym, men kan kombineres med mellomnavn.

Mellomnavn ble innført i 1996. Det er i hovedsak kjønnsnøytrale navn. Det kan være eksisterende navneformer, f.eks. naturnavn, eller nylaginger. Eksempler: *Bergholt*, *Bjarg*, *Blómkvist*, *Brim*, *Eyjförð* og *Friðhólm*. Det kan òg være genitivform av en av foreldrenes fornavn, f.eks. *Audar* som er genitiv av kvinnenavnet *Audur*. En ektefelle kan ta den andres etternavn (ikke patro- og metronym) som sitt mellomnavn.

De siste par tiåra har det utvikla seg en ny skikk med fornavn nummer to, som ofte kan se ut som mellom- eller etternavn. Flere av dem brukes i liten grad som fornavn ellers. Eksempler på jentenavn er *Ósk*, *Björk*, *Run*, *Lind*, *Dögg*, *Dis* og *Ösp*, og guttenavn kan være *Örn*, *Már*, *Snær* og *Fannar*.

Færøyene

I færøysk fins arvelige *sen*-navn, etternavn og ekte patronym (innført i 1992). Det fins òg etternavn danna av stedsnavn med preposisjon foran, som *úr Hvalvík*.

Tyskland

I Tyskland kan en ektefelle beholde det såkalte *fødenavnet* ("Geburtsname") som *tilleggsnavn* ("Begleitname") dersom han eller hun tar den andre ektefellens fødenavn som felles *ektenavn* ("Ehename"). Ektefeller kan òg velge å beholde hvert sitt navn som ektenavn. Tilleggsnavnet kan plasseres før eller etter ektenavnet, knytta sammen med bindestrek. Navna

står samla i alfabetiske register, og alfabetiseringa skjer etter det første. Bare enkelt etternavn som en eller begge foreldrene har, kan gis til barna. Barn kan altså ikke få tilleggsnavn (tilsvarende mellomnavn).

Nederlandsk

Et spesielt trekk ved nederlandsk, dvs. både i Nederland og i Belgia, er utbredt bruk av etternavn med preposisjoner, ev. kombinert med artikler, foran opphavlige stedsnavn. Eksempler: *d', de, op den, op 't, van* og *ver*.

Storbritannia og USA

Storbritannia og USA har ingen egen navnelov, men sedvaner og rettspraksis, der USA bygger på tidligere britisk rett og praksis. Dels blir navnerett i USA ivaretatt av andre lover. De enkelte statene i USA har egen rettspraksis, og dels eget regelverk.

Mellomnavn i vår forstand er ikke en egen kategori i Storbritannia, men navn som tilsvarer våre mellomnavn kan forekomme som siste fornavn. I USA har mellomnavn ("middle name") begrensa juridisk gyldighet, men de blir registrert. Der vil mellomnavn være tidligere oppvekstnavn (som for *Hillary Rodham Clinton*), en av foredrenes etternavn, eller nedarva mellom- eller etternavn (*William Jefferson Clinton* fikk farens mellomnavn).

Doble etternavn er særlig en eldre overklaseskikk i Storbritannia, og fins både med og uten bindestrek. Ny bruk skjer i begrensa omfang for ektefeller, helst for kvinner, og sjelden for barn.

I USA er doble etternavn en del i bruk for en eller begge ektefellene, og for barn. De skrives med bindestrek, og rekkefølgen kan være fri.

Wales og Irland

I Wales og Irland blir gamle slektskapsprefiks i noen tilfeller gjenoppliva. I Wales er det partiklene *ap* eller *ab* foran farens fornavn (foran hhv. konsonent og vokal i hovednavnet). I Irland gjelder det særlig *Mac* (mann), *Nic* = (ugift kvinne) og *Mhic* (gift kvinne) sammen med arvelige eller ektefellers etternavn. For øvrig er *O'* og *Mac* mye brukt som faste ledd i navn med gammelt irsk opphav, uavhengig av kjønn. *Mac* har òg skotsk historie.

Frankrike

I Frankrike skilles det mellom *patronymnavnet* ("le nom patronymique"), som er etternavnet etter faren, og *bruksnavnet* ("le nom d'usage"), gjerne henta fra andre i familien. Patronymnavnet brukes i offisielle dokument, og det beholdes også av kvinner når de gifter seg. Det er helst et usammensatt navn. Bruksnavnet er det navnet en bruker til daglig, og lovverket

godkjenner også slik bruk. Bruksnavnet kan f.eks. føres opp i pass i tillegg til patronymnavnet.

Bruksnavn tas ofte fra den andre ektefellens navn, ev. i kombinasjon med eget patronymnavn. En kvinne med patronymnavnet *Dupond* gift med en mann med patronymnavnet *Brunet*, kan bl.a. kalle seg *Brunet* eller *Dupond-Brunet*.

Barn får offisielt farens etternavn som patronymnavn. Men en kan sette sammen bruksnavn av farens og moras patronymnavn, f.eks. *Brunet-Dupond*.

Ved kombinasjoner kan en få bruksnavn med flere enn to ledd, som *Dupond-Brunet-Dupuis*.

Spansk og portugisisk

I Spania og i spanskspråklige områder i Sør-Amerika får barn to etternavn, først farens ("apellido del padre") og dernest moras ("apellido de la madre"), f.eks. *Maria Rodrigez Toledo*, der *Rodriguez* er etter farens. Det hender konjunksjonen *y* blir satt mellom navna. Moras navn blir ofte ikke brukt til daglig, f.eks. for *Fidel Castro Ruz*. Når kvinnene gifter seg, skifter de offisielt ut moras etternavn med mannens som de setter prefikset *de* foran, f.eks. *Maria Rodrigez de Martinez*. I praksis bruker de ofte bare ett av navna. Prefikset *de* fins òg i gamle adelige navn.

I *Portugal* og *Brasil* er rekkefølgen mellom fars og mors etternavn motsatt av spansk skikk.

Gresk

Grekere, både i Hellas og på Kypros, har offisielt fornavn, ekte patronym og etternavn. Patronymet er farens fornavn i genitiv, og blir sjelden brukt i praksis. I navnet *Nikos Paulou Baltatzidis* er *Paulou* genitiv av *Paulos*. Kvinners etternavn er farens (foreldrenes) eller mannens etternavn i genitiv, f.eks. *Baltatzidou*. Det fins flere ulike genitiv-endinger.

Øst-europeisk

I de østeuropeiske språka har tradisjonelt kvinner mannens eller farens etternavn med spesielle endinger, slik som de latviske mannlige *Erglis* og kvinnelige *Ergle*. Og de tsjekkiske *Novak/Novakova* og *Minovsky/Minovska* ligner formene i bl.a. slovakisk, bulgarsk og makedonsk. Tilsvarende kvinnelige polske former er i ferd med å gå ut av bruk. Noen språk har òg egne endinger i navn for gifte og ugifte kvinner, som de litauiske *Petrauskiene* (gifte) og *Petrauskaite* (ugifte) med den mannlige varianten *Petrauskas*. Doble etternavn med eller uten bindestrek fins i Øst-Europa, og blir helst brukt hos den ene ektefellen, som oftest plasserer oppvekstnavnet først. Navn fra språk med kyrillisk alfabet, f.eks. russisk

og bulgarsk, kan få flere skrivemåter i latinsk skrift. I ungarsk kommer etternavn foran fornavn: *Nagy Pal* (= *Pål*).

I *russisk* pleier en å ha både ekte patronym og etternavn. Ekte mannlige patronym ender gjerne på *-itsj* og de kvinnelige på *-ovna* eller *-evna*, f.eks. *Andrevitsj* og *Andreevna* av *Andrej*. Etternavn har ofte *ov-*, *ev-* eller *in-*ending, som i tillegg får *a-*endinger for kvinner, f.eks. *Konev* og *Koneva*, og *Kupin* og *Kupina*. Mange av etternavna er flere hundre år gamle stivna patronym danna av fornavn eller tilnavn.

En russer som heter *Ivan Ivanovitsj Ivanov*, har i praksis fornavn, primærpatronym og stivna patronym med samme opphav. En datter kan hete *Elena* (= *Jelena*) *Ivanovna Ivanova*. Gifter hun seg, vil etternavnet bli endra til mannens etternavn med hunkjønnnsform, f.eks. *Elena Ivanovna Danilova*.

Afrika

I Afrika fins muslimsk tradisjon (se nedenfor) særlig i den nordlige halvdelen. Dessuten har vestlig navneskikk kommet inn gjennom misjon og kolonisering, blant annet med innføring av arvelige etternavn. Arvelige etternavn er etablert bl.a. i de muslimske landa Egypt og Marokko. Til tross for dette vil en òg finne navneskikk som følger eldre afrikanske tradisjoner. Det kommer bl.a. til uttrykk gjennom slektskapspartikler og i sjølve navneformene.

Fra *Ghana*, akan-folket, kjenner vi *Kofi* (= født på fredag) *Annan* (= nr. 4 i søskenflokket) der to fornavn har blitt til for- og etternavn.

I *Kenya* fins bl.a. *wa* som på bantuspråket betyr sønn eller datter av. *Koigi Wa Wamwere* er et eksempel. Innafor det nilotiske folket i det samme landet brukes *arap* i betydninga 'sønn av', f.eks. *Daniel arap Moi*.

Tamiler på Sri Lanka får farens navn som etternavn. Tilsvarende får konene mannens fornavn. Farens navn kommer tradisjonelt først i navnerekka, men det kan òg forekomme andre navn først eller sist. Det fins òg tamiler i India, i hovedsak med samme navnerækkefølge. *Singaleserne* på Sri Lanka har etternavn, som uttrykker sted eller yrke, og fornavn. Begge rekkefølger er mulig. Samme navneform kan forekomme både som for- og etternavn.

I *Etiopia*, og dermed også *Eritrea*, ble rekkefølgen familienavn + fornavn + patronym innført fra 1960, men er ikke systematisk gjennomført. Den tradisjonelle bruken er fornavn, gjerne kalt personlige navn, med farens og ev. farfarens fornavn deretter, og tittel. Etiopiske fornavn kan bestå av ett eller flere. Flerledda kan bli sær- eller sammenskrevet. Eksempel: *Wolde Mariam*. Det er gjerne ikke samme navneformene som kan være første og andre fornavn i doble fornavn. Dette gir mulighet for

flere tolkinger av hva som kan bli etternavn. Transkripsjon fra etiopisk skrift til latinske bokstaver følger ikke entydige regler.

I *Elfenbenkysten* er rekkefølgen på navn patronym + ev. partikkel (*bi* = 'sønn av', *lou* = 'datter av') + fornavn (tradisjonelt el. islamsk + ev. kristent). Eksempler: *Assouan Akassiba*, *Kuandio Kuandio Pierre* og *Semi bi Zan*.

I deler av Afrika har vestlige for- og etternavn blitt brukt som del av navnetilfanget, f.eks. etter idoler eller etter slaveeiere som har frigitt dem. Både i kulturer med og uten etternavnsskikk kan fremmede etternavn ha blitt tatt i bruk som fornavn. Det er bakgrunnen for at navn med *son-*ending og andre typisk vestlige etternavn fins som fornavn bl.a. i Nigeria, og eksempelet *Nelson* fins i Sør-Afrika.

Asia

I store deler av Asia står bruken av etternavn først sterkt. Mens kinesere og koreanere blir omtalt med etternavn først i vestlige massemedier, blir rekkefølgen oftest tilpassa vår skikk for vietnamesere og japanesere. For øvrig er bruken av etternavn ny i mange land. Muslimske navneskikk, i lokale varianter, er utbredt bl.a. i Indonesia, Malaysia, Iran, Irak og Tyrkia. Typisk er òg blanding av mange språkkulturer i samme land.

I *Myanmar* (Burma) er etternavn noe nytt, og oftest blir de danna som en del av farens fornavn. Alle de fire navna til *Aung San Suu Kyi* er personlige, og tilsvarer mest våre fornavn. Faren het *Aung San* (ev. *Aung San Oo*), farfaren *U Aung San*, og mora *Khin Kyi*. Dette dreier seg ikke om etternavn, men om fornavnlignende navn som har gått i arv. Som i dette tilfellet, kan noen navn brukes for begge kjønn. Navnet til den tidligere generalsekretæren i FN *U Thant* er opphavlig ærestittelen *U* og fornavnet (eller det personlige) *Thant*. Etter vestlig mønster ble *U* til fornavn og *Thant* til etternavn.

I *Vietnam* uttrykker partikkelen mellom etter- og fornavn kjønn, i blant kombinert med familietilhørighet, nummer i søskenflokk eller generasjon. *Thi* er vanlig for jenter. For gutter er særlig disse vanlige: *Van*, *Huu*, *Duc*, *Xuon*, *Ngoc*, *Quang*, *Cong* og *Dinh*.

I *Japan* kommer òg etternavn først. Eksempler er *Suzuki Hanako* (etternavn og kvinnelig fornavn), og tidligere statsminister *Obuchi Keizo* som presenteres i Vesten som *Keizo Obuchi*.

I *Kina* kommer etternavnet først, som i *Mao Tse-tung* eller *Mao Zedong*, og andre transkripsjonsvarianter. Etternavn/familienavn er ofte en-ledda, dvs. med ett kinesisk skriftegn, og (det som tilsvarer våre) fornavn er ofte to-ledda, dvs. med to skriftegn. Fornavn transkriberes til norsk og andre vestlige språk som ett ord eller som to ledd med bindestrek.

Samme rekkefølge brukes i *Sør- og Nord-Korea*, som for *Kim Dae-jung* (sør), *Kim Il-sung* og *Kim Young-il* (far og sønn i nord). Alternativt særskrives fornavn som *Young Il*.

Kambodsja, i det dominerende Khmer-språket, plasseres etternavn først: *Eng Po*. Etternavnet er farens for- eller etternavn.

Muslimsk navneskikk

Muslimsk navneskikk har mange utforminger, ikke minst fordi den er spredd over flere kontinent, bl.a. i Tyrkia, Irak, Iran og Afghanistan, store deler av Afrika, det meste av Midt-Østen, Pakistan, dels òg i Indonesia. Arabisk er språket i bare en del av dette området.

En person kan tradisjonelt ha mange navn, som en kombinasjon av fornavn, forfedres fornavn, navn på eldste sønn, kallenavn, ærestitler, tilhørighet til sted eller religiøs gruppe, etternavn etter en av forfedrene, eller klannavn (dvs. storslekter) av annen type. Rekkefølgen veksler, oftest med kallenavn, sønns navn eller fornavn først, og mer stabile arvelige navn langt ute i rekka. Tidlig i navnerekka, etter fornavnet, forekommer ofte fars fornavn og farfars fornavn, dersom disse blir brukt etter den lokale tradisjonen. Antallet og utvalget veksler med kultur og brukssituasjon. Kvinner tar normalt ikke over noe etternavn fra mannen, men dette skjer likevel ofte ved utvandring til Vesten.

Flere muslimske land har faste og arvelige etternavn, som Iran, Tyrkia, Egypt og Marokko, og skikken brer seg. Sønnen til den tidligere presidenten i Syria, *Hafez al-Assad*, heter *Bashar al-Assad*.

Det er utbredt at bare tre navn er i bruk, dvs. eget og de to nærmeste forfedrene. Ved overgang til vestlig skikk, blir da enten fars eller farfars fornavn til etternavn, og det gjenværende til mellomnavn eller til andre fornavn. Ved innføringene i norsk folkeregister blir gjerne siste navn etternavn og de øvrige til fornavn, av praktiske grunner. Arabisk språk skrives med et alfabet som er ulikt vårt, og det fins ikke en entydig måte å transkribere på. Vekslinga mellom *al* og *el* som foranstilt bestemt artikkel og som skrives både med og uten bindestrek etter i latinsk skrift, viser dette.

Ved innvandring uten skriftlig dokumentasjon kan navneregistrering være avhengig av tolken, både med hensyn til skrivemåte, rekkefølge og hvilke navn som kommer med. Verken innvandrerne eller tolken vil alltid kjenne godt nok til navneskikkene i egen og norsk kultur.

Muslimske navn har ofte prefiks eller suffiks som markerer klart hva slags navn det er. Navnetype kan i tillegg ses av enkelte endinger. *Abu* (eller *Abo*) betyr 'far til', og *Umm* betyr 'mor til', og etterfølges tradisjonelt av førstefødte sønns fornavn, f.eks. *Abu Hassan*. *Abu* brukes òg i overført betydning i kallenavn, som *Abu Nidal*, dvs. 'far til kampen'. Navn med prefikset *Abu* kan, på samme måte som andre navn bli brukt som fornavn,

øg overføres til etterfølgende generasjoner som far og farfars navn, og ev. bli fast etternavn.

Abd betyr tjener, og etterfølges gjerne av bestemt artikkel, f.eks. *al*. Dette brukes i fornavn (som senere kan bli etternavn) foran *Allah* og de 99 navna som er synonymmer til *Allah* (dvs. *Gud*), f.eks. *Abdullah* (*Abd Allah*) og *Abdul Jabbar* (*Abd al-Jabbar*). Egypts tidligere president *Gamal Abdel Nasser*, *Jamal 'Abd An-Naser* eller *Jamal Abd al-Nasir*, ble kalt med fullt etternavn i arabiske aviser, dvs. f.eks. tilsvarende *Abd al-Nasir. Nasser* er altså bare en del av hans etternavn. *Al-Naser* er ett av *Allahs* navn og skal normalt ha prefikset *Abd*. Det hender at flere av *Allahs* navn brukes uten *Abd-al* både i Vesten og i muslimske land.

Ibn, *bin*, *ben* o.l. betyr 'sønn av', og kan brukes foran navnet på faren. Etter ham kan faren hans igjen føyes til med nytt *bin*, og slik kan en fortsette. *Bint* betyr 'datter av'. Algeries tidligere leder *Ahmed Ben Bella* er et eksempel. Disse prefiksene utelates oftest i moderne bruk, i alle fall blant innvandrere til Vesten. Eks.: *Ali (ibn) Hassan (ibn) Mohammad*, *Fatima (bint) Hassan (ibn) Mohammad*. *Ben* betyr 'sønn av' i hebraisk også, jf. bl.a. *David Ben Gurion*, tidligere statsminister i Israel.

Al-Din, *ad-Din*, *ud-Din*, og andre transkriberte varianter, brukes etter kallenavn og ærestitler. Slike navn har òg etablert seg som egentlige navn, som *Salahuddin* eller *Salah-ud-Din*. Bestemt artikkel, *al*, *el* og andre varianter som blir bestemt av språklig sammenheng og transkripsjonsrutiner, brukes foran alle slags navn, men er lite i bruk foran fornavn og fedrenes fornavn når det ikke står *Abd* foran.

Familienavn (etternavn) som viser til *religiøs gruppe* eller *sted*, ender ofte på *-i*. Lederen i Irak heter *Saddam Hussein at-Tikriti*. Han kommer fra stedet *Tikrit* og *at* er bestemt artikkel. For øvrig har han mest sannsynlig fornavn og fars navn (ev. navn til en fjernere forfar).

Litteratur

Ahmed, Salahuddin: *A Dictionary of Muslim Names*. New York 1999.

Eichler, Ernst o.fl.: *Namenforschung – ein internationales Handbuch zur Onomastik*. 3 bind. Berlin 1995–1996.

Hanks, Patrick and Flavia Hodges: *A Dicitonary of Surnames*, "Introduction". Flere utgaver.

International Federation of Library Associations and Institution: *Names of Persons*. München 1996.

Framstillinga bygger ellers på mange andre skriftlige og muntlige kilder.

Ivar Utne

Bergen
ivar.utne@nor.uib.no

IUNGSDALEN

Iungsdalen [i: `uMMsda^ɔN] er namn på ein dal som går mot vest frå Iungsdalsvatnet i Djupsfjellet i Hol i Hallingdal (uttalen *Jungs'dalen*, som ein kan høyra av turistar, har ingen bakgrunn i bygdemålet). Vidare er det namn på ein støl som ligg nedmed vatnet på grensa mellom Hol og Ål, og der vart det oppsett ei turisthytte, Iungdalshytta. Heradsgrensa går over Iungsdalsvatnet. Elva gjennom dalen heiter *Iungsdøla* no, og ho renn ut i *Iungsdalsvatnet*. Dette vatnet låg og ligg i same vassflate som innsjøen *Djup* og var skilt frå denne med eit sund. Sist i 1940-åra vart desse vatna oppdemde og gjekk saman med sju andre vatn og tjørnar inn i *Stolvassdammen*. ”Sundet” vart vidare so no er der knapt noko ”sund” lenger.

Lekken *Iung-* meiner namnegranskarane ogso skal finnast i namna *Jongskås* i Sauherad i Telemark og *Yngsdal* i Hafslø i Sogn og Fjordane. Hjalmar Falk (NG 5, s. 161) og Albert Kjær (NG 7, s. 226 og NG 12, s. 38) sette desse namna i samanheng med eit bortkome norrønt mannsnamn, **Iðungr*. Tolkinga er seinare oppatt-teken av Indrebø i NI II (s. 91), og etter han NSL (s. 248). Veila ved tolkinga er at eit slikt mannsnamn elles ikkje er kjent. Gardsnamna i Telemark og Sogn vågar eg ikkje å meina noko om, men namnet *Iungsdalen* i Hol og Ål har nok eit anna opphav.

Innsjønamn på *-ung* er vanlege over mykje av Austlandet, og dette avleiingsmorfemet er ogso nytta i appellativ, t.d. *graung* ’graukse’ (jf. Indrebø NI I, s. 250f). Lekken går ogso att i eit anna innsjønamn i Ålingsfjella – *Rødungen* – på tvo stader (jf. *Namn og Nemne* 9/10 (1992/93), s. 64). I Tinn i Telemark ligg *Tessungsjøen*. Namnet er truleg ei utviding av *Tessung* til **pessa*, opphavleg elvenamn (jf. NE, s. 268 og 336). I same herad innpå Hardangervidda på grensa mot Uvdal i Buskerud finn me *Kallungsjø*, som er ei tilsvarande utviding av *Kallung*.

Utfrå desse døma må ein kunna tru at *Iungsdalsvatnet* opphavleg har heitt **Iung* eller **Iungen*. Av det har me fenge relasjonsnamnet *Iungsdalen* og so i neste venda *Iungsdøla* (analogisk etter andre ånamn på *-døla*) og *Iungsdalsvatnet*. Det er uråd å vita om *i* i namnet **Iung* var lang eller kort i norrønt mål, for i bae tilfelle fær målføret her *i*: [i: `uMM-]. **Iung* let seg setja til norr. *iða* f, nyno *ide* f. ’bakevje, straumkvervel’ og norr. *ið* f. (fl --*-ir*), *ið* f. (fl --*-jar*) eller *iðja* f. ’verksemd’. Elva kan opphavleg ha heitt **ið* / **ið*, **iðja* eller **iða* og tyder vel i so fall ’den verksame’ eller ’elva som har bakevjer og kvervelstraumar’. Bae tolkingane kan høva. **Iung* er då ’innsjøen som elva **Ið* / **Íð*, **Iðja* eller **Iða* renn uti’.

Namnet kan ha vore nytta alt i mellomalderen. Ein gamal hovudferdsleveg mellom Ål / Hol og Indre Sogn kryssa Iungsdøla like ovanom osen og

gjekk vidare oppigjennom Fødalen framom Hallingskeid og ned til Lærdal.

Litteratur

NE = O[luf] Rygh: *Norske Elvenavne. Samlede af O. Rygh*. Udgivne med tilføiede Forklaringer af K. Rygh. Kristiania 1904.

NI = *Norske innsjønamn. II. Buskerud fylke*. Oslo 1933.

NG = O[luf] Rygh: *Norske Gaardnavne. Oplysninger samlede til Brug ved Matrikelens Revision. I–XVIII*. Utg. ved Oluf Rygh o.fl. Kristiania 1897–1924. *Fællesregister*. Oslo 1936.

NSL = *Norsk stadnamnleksikon*. Red. av Jørn Sandnes og Ola Stemshaug. 4. utg. Oslo 1997.

Magne Myhren
Oslo

DOKTORDISPUTASAR

TO DOKTORAVHANDLINGAR OM NAMN I STAVANGER

Lenger framme i dette nummeret av *Nytt om namn* har leiaren i Norsk namnelag, Gunnstein Akselberg, gjeve eit oversyn over doktorgradsarbeid i namnegransking i Noreg, og av oversynet hans går det fram at av dei til saman ni doktorgradane som gjeld namnegransking, er fire avlagde dei to siste åra, ein i Kristiansand, ein i Bergen og to i Stavanger. Stavanger kom særleg sterkt i år, med disputasane til Åse Kari Hansen i januar og Inge Særheim i juni. Formelt sorterer dei under Universitetet i Bergen. Desse to avhandlingane vert omtala nedanfor.

Åse Kari Hansen: *Språkkontakt i gammelt koloniområde. En studie av normannerbosetningens stedsnavn, med særlig vekt på navnegruppen -tuit*. Universitetet i Bergen 1998. 312 s.

Nordiske vikingar beit seg fast i det vestlege Frankrike alt på 800-talet, og på 900-talet synest normannarane å ha etablert seg i det området som seinare skulle bera namnet *Normandie*. Dei språklege leivningane etter den normanniske busetjinga i Normandie er eit utfordrande, men vanskeleg forskingsfelt, både av di det nordiske materialet har gjennomgått store endringar, og av di kjeldesituasjonen er vanskeleg. Det er såleis rett når forfattaren hevdar at emnet fortener ein meir teoretisk og metodisk analyse før eventuelle busetnadshistoriske konklusjonar eventuelt kan trekkjast.

”Særlig meiner jeg at språkkontaktaspektet i altfor stor grad enten har vært oversett eller overfladisk behandla, og at bl.a. mønsterdannende krefter (navnemoter o.l.) har spilt en større rolle enn til nå antatt” (s. 16). Hovudmålet med avhandlinga har vore å føreta ein methodediskusjon samt å analysera stadnamn etter normannarbusetnaden ut frå eit språkkontakt-perspektiv, med særleg vekt på *-tuit*-namn (norsk *tveit*, gno. *þveit* f.).

Avhandlinga har sju hovudkapittel: 1. ”Stedsnavn i språkkontakt”, hovudsakleg med grunnlag i tidlegare litteratur om normanniske stadnamn; 2. ”Methodediskusjon”, som naturlegvis må verta sentral i eit slikt arbeid, 3. ”*Tuit*-navngiving i Normandie”, som med sine 110 sider utgjer største bolken i avhandlinga. Dei fire underkapitla her tek for seg appellativet/nammeleddet norr. *þveit* f., registrering av det aktuelle materialet, drøfting av materialet, bakgrunnen for *tuit*-namn i Normandie og ein kort gjennomgang av andre normanniske namnetypar, definert som referansmateriale. Kap. 6 har ”Språkkontakt: Låneforhold, navnedanning og navneutvikling” som overskrift og knyter attende til kap. 2. og 3 (plasseringa av kapitlet kunne diskuterast, men det synest ikkje urimeleg å ta inn eit så sentralt kapittel her, altså etter gjennomgangen av materialdelen). Det noko korte kap. 7 ”Konklusjon” er ei oppsummering av resultata. Deretter kjem litteraturliste, namne- og lånordregister. Heilt til slutt inneheld avhandlinga tre kart og nokre fargebilete frå *tuit*-lokalitetar i Normandie.

Det er eit verdfullt tilskot til kunnskapen om namn i eit språkkontaktområde Åse Kari Hansen her har lagt fram. Ikkje minst har kjeldeinventeringa og feltarbeidet fått viktig stoff fram i dagen. Forfattaren har gjeve oss større innsyn i dei kompliserte prosessane som ligg til grunn for namneendringar i eit språkkontaktområde. Men mange spørsmål fortener vidare gransking, og ikkje minst er det viktig å arbeida vidare med dei teoretiske og metodiske problema som knyter seg til denne typen materiale. Her vil eg visa til den rike litteraturen som finst i tilknytning til språkkontakten mellom det slaviske språket sorbisk og tysk i det austlege Tyskland. Det er å vona at Hansen får høve til å fylgja opp den forskingsinnsatsen ho alt har gjort.

Inge Særheim: *Namn og gard. Studium av busetnadsnamn på -land*. Avhandling for dr. philos.-graden. Universitetet i Bergen 1999. 506 s.

Den 23. juni disputerte cand. philol. Inge Særheim over avhandlinga *Namn og gard. Studium av busetnadsnamn på -land*, med docent/førstearkivarie fil. dr. Mats Wahlberg, Uppsala universitet som fyrsteopponent, og universitetslektor dr.phil. Bent Jørgensen, Københavns universitet, som andreopponent.

Som tittelen seier, har Inge Særheim her teke på seg å granska busetnadsnamn på *-land*. Og lat det straks vera sagt: Det er eit imponerande arbeid som her er lagt fram. Med registeret er avhandlinga på 506 tetskrivne sider. Arbeidet høyrer til monografi-genren og tek for seg eitt av dei viktigaste namneledda innan dei store gardsnamnklassane. Med dei to tusen gamle *land-gardane* er det berre *stadir-* og *rud-*gardane som er meir talrike. Ingen av desse har tidlegare vore tekne opp av norske namnegranskarar (ei avhandling om *by-/bø-*namn er rett nok undervegs), medan svenske og danske granskarar har teke for seg fleire av dei. Størst interesse for det norske materialet har Valter Jansons studie *Nordiska vin-namn. En ortnamnstyp och dess historia* (1951) hatt.

Avhandlinga er delt i ti kapittel. Kap. 1 kjem fyrst med ei innleiing og gjer så greie for bakgrunn, mål og metode; i kap. 2 vert det gjeve eit oversyn over *-land* som hovudledd i nordiske stadnamn; i kap 3 formulerer forfattaren problemstillingar og hypotesar; kap. 4 inneheld eit oversyn over tidlegare forskning i namn på *-land*. Som kap. 5 og 6 kjem dei to største bolkane med gjennomgang av matrikkelgardsnamna på *-land* i granskingsområdet, og dei namna på *-land* som ikkje er matrikelnamn. I kap. 7 vert tydinga av namneleddet undersøkt med bakgrunn i eldre og nyare germanske språk; medan kap. 8 tek for seg alderen på namnetypen. Kap. 9 er eit tillegg med oversyn over nordiske bustadnamn med *land* n. som hovudledd, og til slutt fylgjer samandrag på norsk og engelsk før forkortingsliste, litteraturliste og namneregister.

Ein legg merke til at Særheim i tittelen og elles har nytta termen *busetnadsnamn* for det som svarar til den meir tradisjonelle termen *bustadnamn*, dansk og svensk høvesvis *bebyggelsenamn* og *bebyggelsesnavn*. I ein viss grad er Særheims term meir dekkjande, og han er noko nytta i fagtradisjonen før. Når det er tale om områdenamn som *Hadeland*, *Rogaland*, synest eg *busetnadsnamn* høver betre enn *bustadnamn*. Men eg ser det ikkje som nokon føremon å skifta ut den innarbeidde termen *bustadnamn* (jf. serien *Bustadnavn fra Østfold*) når hovuddelen av materialet utgjer gardsnamn.

Eit metodisk trekk som ein kan vera samd eller usamd i, er skiljet mellom matrikkelgardsnamn på *-land* og andre (hovudsakleg eldre) namn på *-land*. Ved Særheims todeling får ein etablert det materialet som stort sett er samla i *Norske Gaardnavne*, og som spelar ei spesiell rolle i kraft av sin praktiske funksjon. Men ein kan innvenda at etter som det her er tale om ein språkleg analyse, synest ikkje vera naudsynt og heller ikkje føremålstenleg, med todeling på ikkje-språkleg grunnlag. Korkje når det gjeld namngjevingsgrunn eller typologi er det ikkje noko skilje mellom dei to gruppene.

Diskusjonen av dei einskilde namna er prega av grundige vurderingar der mange ulike tolkingar ofte er dregne inn. Det er eit sunt prinsipp at ein vurderer alternative løysingar når ein ikkje kan konkludera med ei relativt sikker tolking. På den andre sida skulle ein ha ynskt at forfattaren noko oftare argumenterte sterkare for den eller dei tolkingane han såg som mest sannsynleg. Også i det konkluderande kapitlet skulle eg sett ei meir syntetiserande framstillingsform nytta.

Avhandlinga er illustrert med talrike kart og skisser. Dei kunne gjerne vore nummererte og oppførte i eit eige register. Eit spørsmål av meir prinsipiell art er om det er naudsynt eller nyttig for problemstillinga i avhandlinga å føra opp uttalen av stadnamn som er nytta for å illustrera namnemiljøet rundt *-land*-namna, slik det er gjort her. Eg meiner nei.

Utan omsyn til mine innvendingar – med Særheims avhandling har me fått eit viktig tilskot til norsk stadnamnlitteratur.

Botolv Helleland

TO NYE DOKTORAVHANDLINGER OM NAVN I UPPSALA

På tampen av vårsemesteret 2000 har Uppsala universitet arrangert to viktige disputaser innenfor vår disiplin. Katharina Leibring forsvarte sin avhandling *Sommargås och Stjärnberg. Studier i svenska nötkreatursnamn* 19. mai, mens Eva Nyman den 3. juni forsvarte avhandlingen *Nordiska ortnamn på -und*. Opponent for Katharina Leibrings avhandling var universitetslektor Staffan Nyström fra Stockholms universitet, mens professor emeritus Börje Tjäder fra Lunds universitet var opponent for Eva Nyman.

Selv om avhandlingene er svært forskjellige både i disposisjon, materiale og tilnærming, har de også noe til felles. For oss nordmenn gjelder dette for det første den relevansen begge avhandlingene har for norsk navnegransking. Eva Nyman behandler de nordiske *und*-navna, en navnegruppe som forekommer omtrent like hyppig i Norge og Sverige, og i noe mindre grad i Danmark. Nymans perspektiv omfatter alle de nordiske *und*-navna, og avhandlingen vil dermed være uomgjengelig for enhver som har ambisjoner om å være fortrolig med det norske stedsnavnmaterialet. Katharina Leibrings materiale er navn på kyr og okser ("nötkreatur") i Sverige. Hennes primærdata er hentet fra Värmland, et område med klare forbindelser til Norge, og hun relaterer dessuten sine resultater til tilsvarende materiale og analyseresultater fra de andre nordiske landa. Fra norsk navnegranskings ståsted har kanskje Leibrings avhandling først og

fremst interesse fordi den er et metodisk nybrottsarbeid innenfor et felt som ennå kun er overflatisk behandlet i norsk sammenheng. Katharina Leibnings avhandling bør slik sett bli et orienteringspunkt for norske navnegranskere som i framtida vil arbeide med det rike materialet av norske dyrenavn.

En annen likhet mellom avhandlingene er at de begge legger an et historisk perspektiv. For noen er det kanskje paradoksalt at det er Katharina Leibring som mest eksplisitt gjennomfører en diakron tilnæringsmåte i sin avhandling. Det vil si at hennes fokus eksplisitt er på endringene i kunavnsforrådet i perioden fra 1737 og fram til i dag. Det innebærer at hun periodiserer sitt materiale og trekker linjer mellom de ulike skikta. Eva Nymans materiale er selvfølgelig historisk; *und*-navna hører til blant de eldste stedsnavna innenfor nordisk område, men tilnærmingen hennes til dette materialet er synkron i den forstand at hun fokuserer på navnas tilblivelsestidspunkt. Siden denne tilblivelsen ligger så langt tilbake i tid, er det klart at etymologisk metode står helt sentralt i arbeidet. Og i den grad den etymologiske metoden gjør "endring" til et særskilt fokus, er det diakrone perspektivet også viktig i Eva Nymans avhandling, selv om det ikke er topikalisert på samme måte som hos Katharina Leibring. Denne forskjellen er en refleks av to relativt godt innarbeidete tradisjoner innenfor nordisk navneforskning. Stedsnavn har særlig hatt interesse som individuelle nylaginger, mens innenfor personnavnforskningen er det strukturen og endringer i navneforrådet som helhet som har hatt fokus. I dette stykket ser vi at Katharina Leibnings behandling av husdyrnavn følger personnavntradisjonen, selv om den selvfølgelig på mange punkt også avviker.

En tredje mer overflatisk likhet mellom avhandlingene er at de har ambisiøse disposisjoner som blir grundig og stringent fulgt opp. Avhandlingene er da også blitt omfangsrike, resp. 542 og 631 sider. Man blir imponert, men må samtidig spørre seg hva slags vilkår denne avhandlingstypen nå har innenfor den norske doktorgradsutdanninga. Rammene rundt de norske doktorgradsarbeidene er nettopp skåret ned fra fire til tre år, og selv med fire år til rådighet, er det klart at doktoravhandling av denne typen vanskelig vil kunne bli produsert. Vi står dermed trolig ovenfor to eksempler som trolig ikke vil etterfølges innenfor det norske doktorgradsprogrammet.

Jeg vil avslutningsvis gi en rask skisse av hver avhandling. Målet med Eva Nymans avhandling er å behandle alle de nordiske *und*-navna samlet for på den måten å få en bedre forståelse av den opprinnelig dannelsesmåten, å sondre og klassifisere materialet i tråd med eventuelle forskjeller i dannelsesmåte, og å tolke enkeltnavn av denne typen. Enkelttolkningene

og de overgripende typologiske drøftingene står naturligvis i et vekselforhold til hverandre.

Avhandlingens første del utgjøres av en overgripende drøfting, og den dekker 160 sider inkludert en tysk oppsummering. Her gis blant annet den faghistoriske bakgrunnen for å skille mellom denominative og deverbative avledninger på den ene sida, og sammensetninger med et annet sammensetningsledd **-und* på den andre sida. Avhandlingens første del er ellers strukturert rundt denne tredelingen. Eva Nyman drøfter i full bredde spørsmålet om det tidligere har eksistert et eget ord **und* med betydningen 'vann', og i den sammenheng berøres også spørsmålet om dette ordet kan ha utviklet seg til et eget innsjønavnsuffiks (kap. 2.5). I drøftingen av hvilken form det opprinnelig denominative *und*-suffikset kan ha hatt, er det nødvendig å trekke inn data fra både det fellesgermanske og det indoeuropeiske språksteget, og etter en lærd drøfting konkluderer Eva Nyman med at det mest sannsynlig dreier seg om et indoeuropeisk *-nt*-suffiks (kap 2.2). Hun gir dermed støtte til bl.a. Hans Krahes og Oddvar Nes' syn på dette spørsmålet. De deverbative *und*-avledningene er færre, men framstår også som mer homogene enn de denominative navna, ifølge Eva Nyman. Hun konkluderer med at disse i hovedsak ser ut til å gå tilbake på det indoeuropeiske deverbativsuffikset **-ont-/*-nt-*. Også disse avledningene er altså svært gamle laginger (kap. 2.4).

Også bøyning, alder og utbredelse blir behandlet samlet i avhandlingens første del. I avhandlingens andre del blir alle mulige, og som det viser seg, noen umulige *und*-navn drøftet alfabetisk. I ca. 200 enkeltartikler vaskes det på denne måten fram ca. 150 sannsynlige *und*-navn. Jeg lar disse enkeltartiklene være ukommentert i denne omgang, men nevner bare noen norske navn fra begynnelsen av alfabetet som her har fått grundig behandling, nemlig *Aursunda*, *Bergunda*, *Borgund* (drøftet sammen med mange andre likelydende navn), *Brumunda*, *Eigerøya*, *Einunna*, *Femunden*, *Hjørundfjorden* etc. Artiklene er ofte illustrert med fotografier og kartskisser av god kvalitet.

Katharina Leibrings avhandling er også todelt. I den første delen (del A) tar hun for seg den eldste perioden, dvs. fra 1737 til 1842. Det primære materialgrunlaget utgjøres her av *buonymer* (ku- og oksnavn) fra tre herred i Värmland. Kildene som er ekserpert er "bouppteckningar", som vel bør oversettes med skifteprotokoller. I den andre delen (del B) er det 1900-tallets kunavn som behandles, og her er det geografiske perspektivet utvidet til å omfatte svenske navn mer generelt, selv om Värmlandsmaterialet også her er sentralt.

Hovedmålsetningen i avhandlingen er å undersøke eldre svenske kunavn med hensyn til lagingsmåte og navnemotiv og å fange opp eventuelle utviklinger i dette materialet på disse punkta. Endringene settes i samband

med generelle samfunnsutviklinger. I tillegg relaterer Katharina Leibring sitt materiale til mer prinsipielle navnefaglige diskusjoner, som f.eks. til diskusjonen om forskjellen mellom navnevalg og navnelaging, den statusen et eget onomastikon eventuelt har i denne forbindelse og husdyrnavnas innplassering i navnekategorien som sådan. Det er i avhandlingens første kapittel at disse emnene først luftes, og tråden tas opp igjen i kapittel 9 som avslutter avhandlingens del A. I de mellomliggende kapitlene kan en blant annet finne en alfabetisk gjennomgang av alle forekommende kunavn og kunavnelement i materialet ordnet i kronologiske perioder (kap. 3).

I motsetning til mange tilsvarende behandlinger av historiske personnavnforråd, inneholder avhandlingen to kapitler med språklig analyse av kunavn materialet. Dette inkluderer en kildekritisk ortografisk analyse, en redegjørelse for de dialektale trekkene i navnematerialet (kap. 5) og en morfologisk analyse (kap. 6). Selvsagt er her også inkludert et grundig kapittel om navnesemantikk (kap. 7), der en navnesemantisk kategorisering presenteres. Katharina Leibring foreslår en overordnet kategorisering der den primære målestokken er ulike grader av individkarakterisering, og disse kategoriene griper dermed tilbake til hennes innledende diskusjon om forskjellen mellom navnevalg og navnelaging. I del B gis en presentasjon av kunavnforrådet i Sverige ved sekelskiftet 1900, foruten en oversikt over den helt moderne situasjonen. I et kort avsluttende kapittel finner vi en sammenfatning der de diakrone linjene i materialet trekkes opp, og der navngivningsprinsippene som aktualiseres i kunavnforrådet oppsummeres.

Kristin Bakken
Oslo

NORNA-RAPPORTAR

Alle NORNA-rapportane kan tingast hjå Swedish Science Press, Box 118, SE-751 04 Uppsala. Telefon: (0046) 18 365566. Faks: (0046) 18 365277.

NAMNEGRANSKINGA I NORDEN

Den nordiska namnforskningen. I går, i dag, i morgon. Handlingar från NORNA:s 25. symposium i Uppsala 7–9 februari 1997. Red. Mats Wahlberg. NORNA-rapporter 67. Uppsala 1999.

NORNA-rapport nr. 67, som kom i fjor, inneheld foredraga på NORNAs 25. symposium i Uppsala i 1997 og er redigert av Mats Wahlberg. Hovudemnet er namnegranskinga i Norden, og boka vil sikkert vera ein

nyttig publikasjon for dei som vil ha eit lett tilgjengeleg oversyn over nordisk namnegransking. Boka blir innleidd av to artiklar om sjølve NORNA av Lars Hellberg og Mats Wahlberg. Deretter får vi oversynsartiklar om namnegranskinga i Danmark (Vibeke Dahlberg), Finland (Gunilla Harling-Kranck, som konsentrerer seg om klassifisering av stadnamn), Noreg (Botolv Helleland), Sverige (Svante Strandberg), Island (Þórhallur Vilmundarson, berre om stadnamn) og Færøyane (Eyvind Weyhe, også berre om stadnamn – men lenger ute i boka står ein artikkel av Anfinnur Johansen om færøysk personnamnforsking). Deretter kjem nokre artiklar om særskilde emne: Kristin Bakken skriv om etymologi i namnegransking og språkvitskap, med utgangspunkt i at etymologi er marginalisert i språkvitskapen, men framleis står sentralt i namnegranskinga. Marianne Blomqvist skriv om kvartalsnamn i Finland, sett på ein historisk og internasjonal bakgrunn – eit døme på at urbane namn er på veg inn i interessefeltet. Bent Jørgensen tek opp denne tråden seinare i boka med ein artikkel om den ”urbane kulturs stedsnavne” – og slår eit slag for å utvide synsfeltet til meir enn berre gatenamn (t.d. til namn på bygningar). Lars-Erik Edlund tek for seg språkgeografi og namnegransking: Stadnamn kan vise tidlegare språkgrensar, språkkontakt, språkleg påverknad og språkskifte. Døma hans er særleg frå språkkontaktområdet Norrbotten. Guðrún Kvaran har ein oversiktsartikkel om islandske husdyrnamn, Bente Holmberg skriv om kvinnenamn i 1600-talets Danmark. Eero Kiviniemi gir eit oversyn over den namnegranskinga som er utført av *studentar* ved instituttet hans, Institutionen för finska språket ved Helsingfors universitet. Det emnet kunne òg fortent ei tverrnordisk behandling.

Lars S. Vikør
Oslo

UTANLANDSKE NAMN I NORDEN

Utanlandske namn i Norden. Rapport frå NORNAs tjuesjette symposium i Oslo 28.–30. mai 1997. Utgjeven i samarbeid med Nordisk språkråd. Redigert av Botolv Helleland og Leif Nilsson. NORNA-rapporter 68. Uppsala 1999. 260 s. With English summaries.

I dagane 28.–30. mai 1997 vart det halde eit symposium om utanlandske namn i Norden. Symposiet var eit samarbeidstiltak mellom Den nordiske divisjonen av FNs ekspertgruppe for stadnamn (UNGEGN), Nordisk språkråd og Nordisk samarbeidsnemnd for namnegransking (NORNA), med Seksjon for namnegransking som arrangør. Symposiet talde 55

deltakarar frå dei nordiske landa pluss Estland. Av dei 22 foredraga på symposiet er 18 prenta i rapporten som no omsider er komen ut. Tre artiklar har engelsk språkform, resten er skrivne på skandinaviske språk. Dei etter måten fyldige engelske samandraga er spesielt nyttige med tanke på ikkje-nordiske lesarar. Eit namneregister til slutt i boka gjer det lett å finna fram til dei mange ulike namneformene som førekjem i teksten.

Botolv Helleland innleier rapporten med ein kort oversynsartikkel med tittelen "Utanlandske namn – eit vidt forskingsfelt". Deretter greier Anne Svanevik ut om prosjektet "Nordisk stedsnavnregister", som er eit felles-nordisk prosjekt i regi av dei statlege kartverka i Norden.

Vidare fylgjer desse bidragsytarane: Jógvan í Lon Jacobsen (Utenlandske navne i det færøske atlas), Gunnstein Akselberg (Skrivemåten av utanlandske stadnamn i atlas og lærebøker), Bent Jørgensen (Exonymer i formelt sekundære navne. *Lembergsgade, Lvovgade* eller *Livgade?*), Lars Törnqvist (Namnordböcker för aktivt bruk), Peter Slotte (Utländska namn på finska och svenska i Finland – och tvärtom), Tuula Eskeland (Finske stedsnavn i kulturkontakt i de norsk-svenske finnskogene), Hans Ringstam (FNs arbete med ortnamn), Eeva Maria Närhi (Exonyms from a national and international point of view), Kaisa Rautio Helander (Samiske navn som eksonymer og endonymer), Vignleik Leira (Norsk språkråds arbeid med utenlandske geografiske navn), Jan Brodal (Endonymi eller eksonymi? Noen prinsipielle og praktiske betraktninger), Peeter Päll (Consequences of the coexistence of different writing systems in the example of Estonia), Patrick Chaffey (Problems concerning the translation of the names of Norwegian firms and institutions into English), Bjørn Eithun (Utenlandske personnavn i norske mellomalderbrev), Eva Brylla (Att lysa med lånta fjädrar. Om svenskarnas benägenhet att anta utländska namn) og Vera Lif (Rätten till rätt namn. Vad händer med invandras namn i Sverige?).

Gudmund Harildstad
Oslo

OLUF RYGH – ARTIKKELSAMLING OG RAPPORT

Oluf Rygh. Artikler om en foregangsmann i humanistisk forskning. Redigert av Berit Sandnes, Jørn Sandnes, Ola Stemshaug og Lars F. Stenvik. NORNA-rapporter 70 A. Uppsala 2000. 148 s.

Oluf Rygh. Rapport fra symposium på Stiklestad 13.–15. mai 1999. Redigert av Berit Sandnes, Jørn Sandnes, Ola Stemshaug og Lars F. Stenvik. NORNA-rapporter 70 B. Uppsala 2000. 232 s. With English summaries.

I dagane 13.–15. mai 1999 vart det halde eit symposium om Oluf Rygh og innsatsen hans som historikar, arkeolog og namnegranskar, med særleg vekt på det siste, i samband med at det var hundre år sidan han døydde. Symposiet vart halde på Stiklestad i Ryghs fødebygd Verdal i Nord-Trøndelag og samla 63 deltakarar frå 8 land. Det vart halde 24 foredrag som no er prenta og gjevne ut som nr. 70 A og 70 B i serien *NORNA-rapporter*. Båe har *Oluf Rygh* som hovudtittel, men Del A har undertittelen *Artikler om en foregangsmann i humanistisk forskning* og inneheld plenumsforedraga, medan Del B har undertittelen *Rapport fra symposium på Stiklestad 13.–15. mai 1999*. Dette er fyrste gongen at foredraga frå eit NORNA-symposium er gjevne ut i to delar – og med ulike titlar. Del A er på 148 sider og del B på 232 sider, til saman 380 sider. Dette er likevel mindre enn dei to største NORNA-rapportane til no, som er nr. 34 frå Den 9. nordiske namnegranskarkongressen med 422 sider, og nr. 60 frå Den 11. nordiske namnegranskarkongressen med 431 sider. Når utgjevarane har valt løysinga med to delar, er det venteleg motivert ut frå ynsket om å samla artiklane som tek for seg personen og forskaren Oluf Rygh i eitt band. Eit par av artiklane i del B kjem rett nok inn på Rygh, men stort sett er det gjort ei grei deling. Likevel kan ein spørja om det ikkje hadde vore vel så praktisk å binda dei to delane i eitt med ein felles tittel, samstundes som ein kunne halda oppe ei tematisk todeling i fordelinga av foredraga. Eit register over namn som er omtala, kunne òg ha vore nyttig.

Når det er sagt, så er det berre å gle seg over to fine publikasjonar som ligg føre, berre godt eit år etter at symposiet vart halde. Den vakre framsideillustrasjonen er eit utsnitt av ein gullmedaljong frå *Norske Oldsager* av Oluf Rygh. Redaktørar har vore Berit Sandnes, Jørn Sandnes, Ola Stemshaug og Lars F. Stenvik.

Del A inneheld hovudsakleg plenumsforedraga. Jørn Sandnes gjev eit interessant bilete av den pliktoppfyllande personen Oluf Rygh, medan Lars F. Stenvik tek for seg Rygh som arkeolog, Ola Stemshaug ser på Rygh som namnegranskar og språkvitskapsmann, Peter Hallaråker drøfter innleiinga til *Norske Gaardnavne*, Svavar Sigmundsson tek for seg Rygh og islandsk namnegransking, Gunnstein Akselberg analyserer ulike nivå i den ryghske tolkingsmetoden, Jan Ragnar Hagland drøfter Rygh som sagaomsetjar, medan Ole-Jørgen Johannessen viser Ryghs bruk av etterreformatoriske kjelder. Del A vert avslutta med ein nyttig og svært velkomen bibliografi over skrifter av Oluf Rygh, samla av Anders Løøv.

Del B inneheld seksjonsforedraga i alfabetisk rekkjefylgje. Kristin Bakken diskuterer teori i namnegransking, Håvard Dahl Bratrein ser på samisk jordbrukshistorie i lys av årtidsnamn, François Xavier Dillmann kommenterer nokre stadnamn i *Heimskringla*, Eli Johanne Ellingsve tek

for seg pilegrimsnamn, Staffan Fridell drøfter rydningar og røyser, Peder Gammeltoft tek for seg gno. *bólstaðr*, Lil Gustavson går i Ryghs fotspor på *Veien* på Ringerike, Johanna Halonen går inn på stadnamn og busetjingshistorie i Östra Nyland i Finland, Gösta Holm diskuterer vidare opphavet til nammeleddet *-staðir* på germansk grunn, Oddmund Mogstad tek for seg stadnamn på *-rak*, Oddvar Nes kommenterer Andreas M. Hansen sitt syn på *Norske Elvenavne* av Oluf Rygh, W.F.H. Nicolaisen har "Fjord- and Bay-Names in Scotia Scandinavica" som tittel for sitt innlegg, Lars Pilø har valt "Urgården – en mytes død" som overskrift for sitt innlegg, Bjørn Ringstad drøfter gardsnamn og gardsbusetnad i lys av "flateavdekkingsprosjekt", før Per Vikstrand avsluttar med ein diskusjon om kongen og heilagdomen.

Botolv Helleland

ANDRE BOKMELDINGAR

RUSSISK AVHANDLING OM BØYING AV NORSKE EIGENNAMN

Maria L. Aljoksjina: *Imja sobstvennoe v sovremennom norvezhskom jazyke. Grammatitsjeskij otsjerk.* 188 s. Sankt-Peterburg. Evropejskij dom 1997. ISBN 5-85733-064-5.

Har du fundert på om det på norsk går an å seia "Det er tre Julier i klassa vår" eller "Han hadde to ekte Munchar heime i stua". Ville det ikkje vera meir "korrekt" å seia t.d. "Det er tre jenter i klassa som heiter Julie" og "Han hadde to ekte Munch-maleri heime i stua"? Spørsmål av denne typen er det russarinna Maria L. Aljoksjina frå Sankt Petersburg tek opp i doktoravhandlinga si. Det er ofte folk som kjem utanfrå, frå eit anna land, som lettare enn dei innfødde ser trekk som kan karakteriseras som særprega for eit språk – gjerne i kontrast til uttrykksmåtar i sitt eige språk. Det er dette Aljoksjina har gjort. Ho har hatt eit vaki auge for konstruksjonar med bøygde eigennamn som vi nordmenn kanskje ikkje reflekterer særleg over. Viktige grammatiske kategoriar som ho tek opp i samband med bøying av namn, er:

- Numerus "Det finnes 7200 Dagros'er i Norge"
- Genus "et kaldt Sahara"

– Bestemtheit ”Ja, jeg er forelsket i Møklebusten” (bestemt form av slektsnamnet *Møklebust*)

Det er eit imponerande materiale Aljoksjina har lagt til grunn for avhandlinga si. Det omfattar ca. 25 000 sider avistekst (Oslo-aviser) og dessutan ca. 5 000 sider frå skjønnlitteratur, reklameannonsar osv. Frå dette materialet har ho ekserpert ca. 2000 døme som er interessante for undersøkinga hennes. Å gjøra ei slik omfattande ”manuell” ekserpering har naturlig nok vori tidkrevjande. I denne samanhengen kunne ein kanskje stille spørsmålet om ho hadde stått seg på å lata datamaskina gjøra ekserperingsarbeidet etter som dei fleste døma ho er ute etter, lett let seg formalisere. Eit av dei ekserperingskriteria ho i så fall kunne ha brukt, kunne ha vori ord som begynner med stor bokstav og endar på *-er*, t.d. *Perer*, *Muncher*. Dermed ville ho ha fått ut kontekstar som inneheld eigennamn som *Per* og *Munch* i fleirtal. I dag ville det vori aktuelt å bruke det store datakorpuset på ca. 20 mill. løpande ord som er lagt til rette ved Universitetet i Oslo. Men alt da Aljoksjina skreiv på avhandlinga si, fans det norske datakorpus som ho med fordel kunne ha brukt under ekserperinga. Når ho likevel ikkje har gjort dette, kan dette henge saman med at ho under det meste av avhandlingsarbeidet sitt har seti i Sankt Petersburg.

I tillegg til døma som ho har ekserpert frå aviser, skjønnlitteratur o.l., har ho utforma eit spørjeskjema som ho har delt ut til 250 personar. Det var til saman 144 punkt som informantane skulle svara på i dette skjemaet, og dette gav da til saman 36 000 ”delsvar” (250 x 144). I dette skjemaet har ho ført opp ei rekkje døme på uttrykksmåtar med bøygde eigennamn, og ho har bedt informantane vurdere akseptabiliteten til desse uttrykksmåtene. Ut frå dette har ho kunna kartlegga i kva grad variablar som kjønn, alder og utdanning har hatt noko å seia for korleis dei vurderte dei ulike uttrykksmåtene.

Avhandlinga til Aljoksjina er også namneteoretisk interessant. Eit sentralt spørsmål i internasjonal namneforskning har vori grenseoppgangen mellom appellativ (fellesnamn) og proprium (eigennamn). Etersom eigennamna normalt ikkje skal veksle mellom eintal og fleirtal, kunne uttrykksmåtar som ”Det er tre Julier i klassa vår” oppfattas som at *Julier* her nærmar seg kategorien fellesnamn. Døma som Aljoksjina presenterer, og den drøftinga ho gir dei, kan karakteriseras som eit verdifulle tilskott i denne debatten om grenseoppgangen mellom appellativ og proprium.

Avhandlinga til Aljoksjina kan seias å vera eksklusiv på den måten at ho er skriven på russisk om eit norsk namnegrammatisk emne, og at alle døma er på norsk (altså ikkje omsett til russisk). Dermed blir det forholdsvis få som kan ha glede av denne avhandlinga. Helst bør ein altså meistre både russisk og norsk. Heldigvis for norske lesarar fins det ein kortare – og

tidligere versjon – av avhandlinga i norsk språkdrakt. Denne versjonen, som har tittelen *Egennavnenes grammatikk i moderne norsk* finn ein som artikkel i tidsskriftet *NORskrift* 91 (1996), utgitt av Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo. Dei som ikkje kan russisk, kan her setta seg nærmare inn i dei interessante problemstillingane som Aljoksjina tek opp.

Gulbrand Alhaug
p.t. Uppsala

BILETE FORTEL OM ORD

Landskapsnamn er tittelen på ei lita bok som er skriven av Ola Ellingsgard. Utgjevar er forlaget Boksmia, Vats i Ål. Boka er på 40 sider og inneheld eit utval av ord som er nytta i stadnamn i Ål. Det er ord som har vore i vanleg bruk i talemålet, men som nok mange ålingar vil ha vanske med å forstå tydinga av i dag.

Ola Ellingsgard har valt 37 ord som han presenterer i alfabetisk rekkjefølgje. Det er: *botn, brææ (brede), dokk, eikre, fét, fly, flæ, gjeil, gjøte, grumme, gryvle, gryfse, gutu, heller, humlehage, høye og kven, kleiv, klype, løyte, rand, reine, res, risgard, røys, skard, skòrr, skut, slèpè, træe, urd, utrås, vad*, og til slutt ordet *ån* med *bekk, grov* og *løk*.

Det som ein lesar fyrst legg merke til, er bileta som illustrerer kvart ord. På ein framifrå måte forklarar bileta meir enn mange ord-definisjonar. I boka kan me til dømes sjå bilete av ei eikre, ein fet, ein humlehage, ein risgard, og for denne lesaren har endeleg skilnaden på høye og kven vorte tydeleg. Dei fleste bileta er tatt av forfattaren sjølv, medan nokre av bileta har ukjend fotograf og er lånt i Ål bygdearkiv.

Fleire av orda som er omtala i boka er ikkje lenger i vanleg bruk, dei lever berre i stadnamn. Derfor er det nyttig at ordas bøyingsformer i nominativ og dativ er tatt med. Slik kan me lettare gjenkjenne orda. Det er mange stadnamn i Ål som framleis har dativform, til dømes *Dekko, Eikro, Grøvo, Hago* og *Reino*, alle i dativ fleirtal.

Ellingsgard skriv i forordet at Ivar Aasen gjorde mange turar til Hallingdal for rundt 150 år sidan. I Ivar Aasens ordbok frå 1873 er det mange gode definisjonar på ord frå Hallingdal, og fleire av desse har Ellingsgard tatt med i si bok. Men Ellingsgard fortel også at eldre bygdefolk har gitt nyttig informasjon om ordtyding og bruk. Med denne boka viser han kor rikt talemålet vårt har vore på ord som beskriv og forklarar landskapet. Som nemnt er mange av orda ukjende for folk flest. Det er ikkje lenger bruk for orda, slik som det ikkje lenger er bruk for gjetslejenter eller sláttekarar.

Forfattaren har presentert stoffet på ein både original og lettfatteleg måte. Heftet burde inspirere og vera til eksempel for andre med interesse

for å ta vare på gamle ord og namn. Slik kan ein vera med og hindre at gamal kunnskap og tradisjon blir gløymd.

Margit Harsson
Sundvollen

STADNAMN I ASKVOLL

Kåre Flokenes: *Stadnamn i Askvoll*. Stavanger 1999. Utgj. av Erling Skjalgssonselskapet, Boks 945 Kvernavik, 4089 Hafrsfjord.

Stadnamn i Askvoll er tittelen på ein stadnamnmonografi som kom ut i desember i fjor – ei ruvande bok på 330 innhaldsrike sider som presenterer stadnamna i Askvoll kommune, Sogn og Fjordane. Boka er resultat av eit arbeid som forfattaren byrja på for meir enn 40 år sidan. Forfattaren, Kåre Flokenes, er pensjonert høgskolelektor. Han er busett i Stavanger, men oppvaksen i Askvoll i Sunnfjord. I 1961 leverte han ei hovudoppgåve i nordisk med tittelen *Stadnamn frå sørvestre delen av Vevring herad*. Seinare sette han seg føre å gi ut ei bok om alle stadnamna i Askvoll kommune. Nå, eitt år etter at han blei pensjonist, har han fått tid til å fullføre verket.

Ei hovudkjelde er den store stadnamninnsamlinga som fylket sette i gang i 1985. Om dette skriv forfattaren i føreordet: ”Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane opererer etter siste teljing med 12 242 namn. Eg har fått oversendt alle stadnamna som fylkesarkivet har. I tillegg til dei har eg 331 namn som fylkesarkivet ikkje har” (:6). Med andre ord er det eit uvanleg rikt og stort tilfang som her blir presentert. Som stadnamnmonografi er boka til Flokenes nesten eineståande. Det næraste å samanlikne med er monografien til Inge Særheim over namn i Sirdal frå 1992, der storleiken på namnetilfanget er omtrent det same. I Sirdal var det ein pengesterk kraftkommune som stod for utgivinga.

Til Askvoll-monografien har forfattaren kosta mykje av utgivinga sjølv, og det gjer arbeidet ikkje mindre imponerande. Forfattaren skriv at han har hatt gode rådgivarar, både på den språkvitskaplege og på den tekniske sida. Professor Oddvar Nes i Bergen har vore språkleg rettleiar, og får ein særskild takk i innleiinga.

Innhaldet er i korte ordelag ordna slik: Først kjem ei innleiing om det lokale talemålet, med særleg vekt på lydssystem og substantivbøying. Deretter følgjer litt om den morfologiske oppbygginga til stadnamna. Så kjem hovuddelen ”Grunnord”, der forfattaren presenterer enkeltnamna med tolkingar. Namna er systematiserte alfabetisk etter hovudledd (”grunnord” i Flokenes’ terminologi), med gard/bruk som sekundær sorteringskategori. I denne delen finn ein språklege tolkingar av stadnamna. I eit så stort tilfang blir ikkje så reint få namn vanskelege å tolke, og ulike moglege

løysingar blir diskuterte. Enkelte namn blir drøfta svært utførleg; det gjeld særleg gamle namn som ein kan knytte til ulike omstridde spørsmål i namneforskinga. Forfattaren fokuserer mest på det språklege, men det er også gitt rom for kulturhistoriske opplysningar. Etter den store hovuddelen følgjer nokre mindre artiklar om ulike aspekt ved stadnamna: t.d. spesielle utmerkingsord, alderen på stadnamna, bruken av stadnamna i dag, spesielle tolkingsproblem.

Siste delen er eit stort fellesregister, der kvart namn har ei oppslagsform, ei uttaleform med lydskrift, kartbladkode, innsamlingsnummer, matrikelnummer og tilvising til kartrute. Registeret inneheld altså uvanleg mykje verdifull informasjon. Likevel skal me vere merksame på at registeret ikkje opplyser om kor mange belegg dei ulike namneformene har. Dersom ei namneform finst som namn på fleire stader, viser stadreferansen til det namnet som kjem først i det arkiverte materialet. Bortsett frå denne spesielle seleksjonen har forfattaren lagt seg på ei linje som i hovudsak svarer til den ein finn ved Seksjon for namnegransking, der kortsamlingane er ordna i to hovudkategoriar: 1. Vanleg alfabetisk orden; 2. Sortering etter hovudledd. Hos Flokenes er det altså i sorteringa av hovudledd ein må søke når ein vil finne fram til tolkingane.

I *Stadnamn i Askvoll* møter me ein kunnskapsrik fagmann som skriv om stadnamna frå heimtraktene sine. Det at forfattaren kjenner miljøet frå innsida, er med på å gi verket ein særskild kvalitet. Om dette først og fremst er eit språkvitskapleg verk, har boka fått ei form som burde gjere ho i stand til å nå mange lesarar. Boka er utstyrt med vakre illustrasjonar, både kart og landskapsbilete; fleire flotte fargefotografi. Grafisk held boka eit svært høgt kvalitetsnivå. Kåre Flokenes har med dette arbeidet samla mykje viktig kunnskap mellom permanente; kunnskap som særleg namnegranskarmiljøet, men også mange andre, vil ha stor glede av i åra framover.

Vidar Haslum
Bergen

HYLLINGSSKRIFT TIL LENA PETERSON

Lena Peterson har fått sitt velfortente festskrift – med tittelen *Runor och namn. Hyllningsskrift till Lena Peterson den 27 januari 1999*, utgjeve av Uppsala universitet og teke opp som nr. 10 i serien *Namn och samhälle*. Hovudredaktørar har vore Lennart Elmevik og Svante Strandberg, med Eva Brylla, Mats Wahlberg og Henrik Williams som medredaktørar.

Skriftet inneheld 17 artiklar om namnevitskaplege og runologiske emne, mest av den fyrste kategorien. Thorsten Andersson har skriva om *Häjla*, Rökstenens by, medan Eva Brylla tek for seg nokre tilnamn ("binamn") frå

mellomalderen. Lennart Elmevik drøfter **alu** i dei urnordiske runeinnskriftene, Staffan Fridell diskuterer *Öjaby*, Lars Hellberg tek for seg *Snopptorp*, Patrik Larsson drøfter ein runeristars bruk av palatalt *r*, Ann-Christin Mattisson greier ut om hundennamn, Evert Melefors har ”gotländska runmästare” som emne, Lennart Moberg drøfter stadnamnet *Lytta* og Allan Rostvik gardsnamnet *Nis*, Per Stille går inn på *Peter* og *Tor* i svenske runeinnskrifter, Svante Strandberg diskuterer sørmlandske stadnamn som vitnar om finnar, Mats Wahlberg har namn på uppsalaborgarar på 1600-talet som emne, Gun Widmark diskuterer innskrifta på forsarringen, Henrik Williams har røkt etter kor mange *Eliv* det fanst i Gamla Uppsala, Marit Åhlén tek for seg nok eit runesteinsfunn i Uppsala, Claes Ånemann drøfter lydutfviklinga i Snättsundet.

Til slutt kjem Jan Axelson med eit nyttig og velkome oversyn over jubilantens trykte skrifter i perioden 1974–1998.

Botolv Helleland

SKÅNES ORTNAMN A4

I den regionale svenske serien *Skånes ortnamn, Serie A Bebyggelsenamn* er no band 4 kome ut med undertittelen *Frosta härad* og med Göran Hallberg som redaktør. Serien er nummerert i alfabetisk rekkjefylgje, ikkje kronologisk, slik som t.d. den norske serien *Bustadnavn i Østfold*. I A-serien av *Skånes ortnamn* er det no publisert ni band: 1. *Albo härad* (1958), 2. *Bara härad* (1991), 3. *Bjäre härad och Ängelholms stad* (1964), 4. *Frosta härad* (2000), 7. *Harjagers härad och Eslövs stad* (1979), 11. *Ljunits härad* (1975), 14. *Onsjö härad* (1980), 16. *Rönnebergs härad och Landskrona stad* (1973), 18. *Södra Åsbo härad* (1962). Når serien ein gong nærmar seg slutten, vil ei slik alfabetisk inndeling vera særleg nyttig, men inn til den tid må ein vita at dei mellomliggjande nummera ikkje ligg føre.

No er dette ein småting i høve til dei solide produksjonane dei tilsette ved Dialekt- og ortnamnsarkivet i Lund (som også distribuerer serien) har fått til på desse åra. Og *Frosta härad* med sine 415 sider grundig dokumentasjon og utførlege namnetolkingar er eit flott tilskot. Det er berre å gratulera Göran Hallberg og staben ved arkivet. Det kan elles leggjast til at Hallberg gjorde greie for prinsippa for dei svenske regionale stadnamnserieane på den fyrste nasjonale namnekonferansen i Oslo i 1981. Foredraget er prenta i rapporten frå konferansen (utgjeven av Institutt for namnegransking 1982).

Botolv Helleland

SLEKTSNAMN I DANMARK

Billesø, Per: *20.000 slægtsnavne i Danmark*. Billesø & Baltzer, Værløse 1999. 176 s.

Sidan det ikkje er sagt i nokon undertittel at 170 av dei 176 sidene i boka er eit reint statistisk oversyn, vil ein tilfeldig lesar lett slumpa til å tru at boka er eit tradisjonelt oppslagsverk om slektsnamn med opphav, tyding osv. Tittelen kan vi ikke nett seia er feil for innhaldet i boka, men han kan unekteleg verka villeiande, og det gjorde han på denne meldaren. Stikkordet *statistikk* burde vore brukt på omslaget.

Hovuddelen på godt 150 sider er eit statistisk oversyn over danske etternamn med tal frå byrjinga av 1999. Det femner om dei 20 000 vanlegaste av dei 146 668 registrerte etternamna. Ved å studera statistikken nøyare vil ein finna ei nedre grense på 16 berarar, og då vil lesaren kanskje lura på om *alle* namn med 16 berarar er med eller om grensa på 20 000 har ført til at ein del har falle ut. Denne tvilen kunne forfattaren ha unngått ved å gjera klarare korleis den oppgjevne grensa for utval slår ut.

Sidene er tospalta med 68 namn i kvar spalte. Etter namnet kjem geografisk utbreiing i 6 landsdelar, frå Hovudstaden til Nord-Jylland, med talet på namneberarar, og til slutt det samla talet for namnet. Fyrste namnet i statistikken er *A Rogvi* med 25 berarar og det siste *Åxman* med 24.

I ein tilsvarende norsk statistikk (Olav Veka 1995: *Norske etternamn*. Avdeling for namnegransking. Oslo) greidde ikkje datautskrifta å få med doble etternamn av typen *Skog Hansen* fordi registeret var slik organisert at grensa måtte setjast ved fyrste mellomrom lese bakfrå for å halda ut mellomnamn og førenamn. Etter føreordet kan ein danske berre ha eitt etternamn, og slik verkar det også i dette oversynet. Eit raskt gjennomsyn viser ingen doble etternamn, men derimot mange av typen *van den Berg* og *von der Heide*, som også fall ut av den norske statistikken av same grunn. Slik sett er denne statistikken meir dekkjande for namnetilfanget fordi han fangar opp variantar med eitt eller fleire mellomrom. Som ventande er, finn vi mange bindestreksnamn av typen *Smidt-Hansen*. Kanskje dei kompenserer mangelen på løyve til å ta doble etternamn?

Hovudstatistikken er trykt i klar skrift med samla tal i halvfeite typar, og det er 9 gråtona teljeliner på kvar side som gjer det lett å få godt oversyn over talmaterialet.

Ikkje mindre enn tre stader i boka vert det gjort merksam på at lesaren kan tinga frå forlaget til ein kostnad av 100 kr ei særskild datautskrift av einskildnamn med fordeling på kjønn og alder i kvart amt, dvs. meir detaljert enn hovudstatistikken som berre dekkjer 6 landsdelar. Bak i boka finn vi slik statistikk som døme for *Jensen*, *Søndergaard*, *Bang*, *Kofoed*, *Schlüter* og *Stauning*.

I innleiinga kan vi lesa eit stutt oversyn på berre ca. ei side om den historiske utviklinga av danske etternamn. Deretter følgjer reglar om namngjeving og endring av namn. Resten av innleiinga legg fram ein del talmateriale og statistikk som vi ikkje kan finna i hovudoversynet. Dei 10 vanlegaste etternamna frå *Jensen* til *Jørgensen* er framstilte grafisk, og vi får ei interessant samanlikning mellom dei 100 vanlegaste i 1971 og 1999. 6 namn er nye på denne lista, m.a. *Bak*, *Nygaard*. På s. 13 står det at *Bang* har falle ut av lista, men det stemmer ikkje, *Bang* står som nr. 94. Størst endring er det for *Brandt* som har flytt seg 15 plassar opp på lista. Vi finn også ei liste over dei 112 kortaste med berre 2 bokstavar, frå *Le* (768) til *Åm* med berre ein berar, truleg norsk, og opplysningar om dei lengste.

Ein skulle tru at det ville vera visse restriksjonar på slike opplysningar på grunn av personvernet, men det ser ikkje ut til å vera tilfelle. Ein einskild innvandrarfamilie med eit etternamn på 23 bokstavar er nemnd også med heimfylke.

Det statistiske materialet i *Søndergaard: Danske efternavne* er frå 1971, og det er interessant å samanlikna både statistikk og utval av namn i desse to bøkene. *Søndergaard* har med svært få innvandrarnamn, fordi den store innvandrarbølga då knapt hadde byrja. *Billesø* har med t.d. *Le* med heile 768 berarar, medan det namnet manglar i *Søndergaards* bok trass i det høge talet.

I føreordet skriv *Billesø* at *Danske efternavne* ”er senere (dvs. etter 1984) utkommet i nye mere forkortede udgaver, ...”, medan han i litteraturlista nemner den siste (?) utgåva frå 1991, som ikkje verre eg veit berre er eit opptrykk av utgåva frå 1984. Ei forkorta utgåva er i alle høve ukjend for denne meldaren.

For norske lesarar vil dei generelle trekka ved den oppdaterte statistikken over danske etternamn vera særleg interessant, likeins utvalet av norske namn, og ikkje minst vil ein her ha eit framifrå hjelpemiddel som kontrollkjelde for alle etternamna her i landet som er av dansk opphav. Boka har eit tiltalende ytre og eit hendig format.

Olav Veka
Brumunddal